

# Oppsummerande rapport

## Politisk beslutningsgrunnlag barnehage- og skulebruksplan

Befolkningsgrunnlag og samfunnseffektar

Kommuneøkonomi

Berekraft

Reelle strukturalternativ

Alternativvurderingar

Suldal kommune



Oppdragsgiver: Suldal kommune

Oppdragsnr.: 52601029 Dokumentnr.: 1 Revisjon: 1

Oppdragsansvarleg: Jostein Danielsen

Medverkande: Synne Dekko Næss, Einar Bowitz, Kristoffer Røksund Hansen, Terje Gregersen, Ida Marie Førsund

Norconsult 

Norconsult 


## Mandat tilleggsutgreiing

- Gi eit tydeleg og avgrensa beslutningsgrunnlag for framtidig barnehage- og skulestruktur
- Vurdere befolkningsgrunnlag, samfunnseffektar, berekraft og kommuneøkonomi
- Identifisere og vurdere fleire reelle strukturalternativ for politisk val

## Rapporten inneheld

- Samla hovudfunn frå analysar av demografi, samfunnseffektar og økonomi
- Vurdering av berekraft (mål 4 og 11) og konsekvensar for lokalsamfunn
- Samanlikning av strukturalternativ og grunnlag for politisk handsaming og prioritering

Vedlegga inneheld detaljgrunnlag; denne PPT-rapporten samlar hovudfunn og konklusjonar.



## Rolledeling i arbeidet

- Utgreiinga er ei tilleggsutgreiing og byggjer på eksisterande kunnskapsgrunnlag
- Leverandør har utgreidd delar av bestillinga (B, C og G), medan andre punkt er handtert av kommunen
- Rapporten gir eit avgrensa og fagleg presisert grunnlag, og inngår i eit samla beslutningsgrunnlag for kommunestyret



# Hovudbodskap

Suldal får **færre barn og unge**. Skulestrukturen må tilpassast eit lågare elevgrunnlag, færre i arbeidsfør alder og fleire eldre

Dagens struktur er **sårbar** med mange **små einingar** og avgrensa fagmiljø.

Berre alternativ 3–6 er fagleg og økonomisk forsvarlege på sikt

**Alternativa 4-6 skil seg tydeleg ut:**

- Alternativ 4: best samla heilskap og balanse og samanheng mellom skule- og barnehagestruktur
- Alternativ 5: mest kostnadseffektivt
- Alternativ 6: sterkast fagmiljø skule, men størst skyssbehov

Skulestruktur kan **påverke kvardagsliv og nærmiljø**, men har avgrensa effekt på **folketalsutvikling**



# Samandrag 1

## Hovudbilete

- Prognosane viser varig nedgang i elevtal på sikt.
- Nye næringsprosjekt kan gi aktivitet, men varig arbeidsplassvekst er avgrensa, og gir lite utslag i elevtal i dei små skulekrinsane.
- Scenarioanalysen viser at sjølv ved fleire nye arbeidsplassar blir det svært få nye elevar i dei små kringane, og eventuelle nye elevar vil i hovudsak kome i sentrum.

## Minimumsstandardar for reelle strukturalternativ

- Rapporten skil mellom om eit alternativ er reelt (forsvarleg) og om det er godt (kvalitet og framtidsretta løysing). Minimumskrava må vere oppfylte før eit alternativ kan vurderast vidare.
- Når bygg, skulestorleik/læringsmiljø og fagmiljø/kompetanse blir vurdert samla, fell alternativ 0, 0+, 2a og 2b bort som ikkje-reelle.
- Berre alternativ 3–6 oppfyller minimumskrava og kan vurderast vidare som reelle strukturalternativ.



## Samandrag 2

### Berekraftsmål 4 – God utdanning

- Analysen viser ein klar samanheng mellom samling i større einingar og betre føresetnader for kvalitet og likeverd i opplæringa
- Større einingar gir meir robuste fagmiljø, betre rekruttering og sterkare profesjonsfellesskap, og gjer det lettare å arbeide systematisk med kvalitet over tid
- Dagens struktur og mindre justeringar gir avgrensa effekt, medan meir samla strukturar gir tydeleg betre føresetnader for å lukkast

### Berekraftsmål 11 – Lokalsamfunn

- Forsking på flyttemotiv viser at familie, arbeid og nettverk veg tyngre enn skule ved val av bustad
- Skulestruktur har difor avgrensa direkte effekt på folketalsutvikling på kommunenivå
- Samstundes kan strukturendringar gi lokale konsekvensar for møteplassar, identitet og kvardagsliv i einskilde bygder



## Samandrag 3

### Kommuneøkonomi

- Demografisk utvikling med fleire eldre og færre yrkesaktive gir auka utgifter og svakare inntektsgrunnlag over tid
- Kraftinntektene har gitt høgt nivå på tenestene, men er usikre framover, og gir ikkje eit robust grunnlag for vidare drift av dagens struktur
- Ein struktur med mange bygg og små einingar bind ressursar og gir lite handlingsrom for kvalitetsutvikling

### Erfaringar frå andre kommunar

- Erfaringar frå samanliknbare kommunar viser at nedlegging av små skular er konfliktfylt, men blir vurdert som nødvendig for å sikre robuste fagmiljø og betre kvalitet
- Desse erfaringane gir lite støtte for at skulestruktur i seg sjølv påverkar folketalsutvikling, men viser tydelege gevinstar for elevmiljø og drift

### Avveging mellom alternativa (4–6)

- Alternativ 4: best samla heilskap og balanse mellom kvalitet, økonomi og struktur
- Alternativ 5: mest kostnadseffektivt og høg kapasitetsutnytting, men gir lengre reiseveg for fleire
- Alternativ 6 (Tysingvatnet): gir moderne bygg og sterke fagmiljø, men inneber auka reisetid og større skysstbehov for alle elevar i sør

### Samla vurdering

Val av struktur handlar om ei tydeleg avveging mellom

- kvalitet og robuste fagmiljø
- økonomi og effektiv drift
- reiseveg og lokal tilknytning





## Samandrag frå førre utgreiing

Kunnskapsgrunnlaget (mai 2025) gav Suldal kommune eit fagleg og etterretteleg grunnlag for politiske val om framtidig barnehage- og skulestruktur. Det byggjer på synfaringar, intervju, dokumentanalyse og foreldreundersøking, og vurderer kvalitet, ressursbruk, kompetanse, læringsmiljø, bygg og organisering i lys av nasjonale føringar og lokal situasjon.

Eit gjennomgåande perspektiv er korleis kommunen kan sikre forsvarlege, likeverdige og berekraftige tenester over tid.

### Hovudfunn

- ▶ Mange små einingar gir sårbare fagmiljø og varierende kvalitet
- ▶ Rekruttering er krevjande, særleg til små skular
- ▶ Kommunen driftar meir bygningsmasse enn behovet tilseier
- ▶ Dagens struktur bind ressursar og reduserer handlingsrommet

**Samla vurdering:** Dagens struktur gjev ikkje likeverdige, robuste og framtidsretta tilbod i tråd med nasjonale krav og kommunale ambisjonar.

På dette grunnlaget tilrådde Norconsult i førre rapport:

**Ny skulestruktur (Alt. 4):** færre, men meir robuste einingar, med tre oppvekstsenter i distrikta og vidareføring av Sand skule som 1–10-skule.

**Ny barnehagestruktur (Alt. 2):** samling av ressursar i større fagmiljø og tettare kopling mellom barnehage og skule i oppvekstsenter.

Desse alternativa vart vurderte som best eigna til å styrkje kvalitet og likeverd, sikre meir effektiv ressursbruk og berekraftig drift, betre rekruttering og gi eit meir robust grunnlag for langsiktig samfunns- og lokalsamfunnsutvikling.

Rapporten understrekar at strukturendring ikkje er eit mål i seg sjølv, men eit verkemiddel for å sikre forsvarlege, berekraftige og utviklingsretta oppveksttenester over tid.

## Oppsummering høyringsinnspel

Høyringsinnspela viser stort engasjement og brei deltaking frå innbyggjarar, foreldre, næringsliv og organisasjonar. Mange syner uro for konsekvensar av nedlegging av skule og barnehage, særleg lokalt.

Reiseveg og reisetid vert løfta fram som eit gjennomgåande og sentralt tema

- knytt til tryggleik, helse, læring og kvardagsliv

Barnehage og skule blir framheva som viktige for:

- busetjing og tilflytting
- rekruttering av arbeidskraft
- utvikling av lokalt næringsliv

Fleire peikar på risiko for:

- redusert attraktivitet
- fråflytting og svekka lokalsamfunn

Ulike syn på kvalitet i opplæring:

- nærskule og små miljø gir tryggleik og tett oppfølging
- større fagmiljø gir robustheit og breiare tilbod

Nokre innspel støttar strukturendringar:

- særleg der dette gir større og meir stabile fagmiljø

Innspel til prosess:

- behov for betre utgreiingar (særleg reiseveg og konsekvensar)
- ønske om meir heilskapleg vurdering av konsekvensar for heile og ulike delar av kommunen

Høyringsinnspela synleggjer viktige omsyn, men endrar ikkje det demografiske og faglege prmisset for strukturval



## Strukturalternativa - skule

Alternativ	Hovudinnhald	Kort forklaring / endringar
0	Dagens struktur	Alle skular og barnehagar vidareførast som i dag
0+	Dagens struktur, oppgradert	Same struktur, men oppgradering av alle anlegg til god og framtidretta standard
2a	Legg ned 1 skule	Nesflaten til Vinjar
2b	Legg ned 1 skule	Jelsa + Marvik = Ny Kjølvik (båttransport frå Jelsa)
3	Legg ned 2 skular	Nesflaten til Vinjar; Jelsa + Marvik = Ny Kjølvik (båttransport frå Jelsa)
4	Ny struktur med tre oppvekstsenter	Nesflaten til Vinjar; Vinjar skule + bhg = Vinjar oppvekstsenter; Marvik + Jelsa + Kjølvikstølen bhg = Kjølvik oppvekstsenter; Erfjord + Stølane bhg = Stølane oppvekstsenter; Sand vidareført som 1–10-skule
5	Ny struktur med to oppvekstsenter	Marvik til Sand, Jelsa til Stølane / Erfjord, Nesflaten til Vinjar
6	Ny felles skule Tysingvatnet	Nesflaten til Vinjar; Marvik + Jelsa + Erfjord til ny sørleg felles skule (Tysingvatnet); Sand vidareført som 1–10-skule

### Merknad

Nye strukturalternativ i utgreiinga er alternativ 5 og 6.

Elles er alternativa identiske med alternativa i førre utgreiing om barnehage- og skulestruktur.


Alternativ 5 er identisk med kommunedirektøren sitt tilrådde alternativ til kommunestyret

## Strukturalternativa - barnehage

Alternativ	Hovudinnhald	Kort forklaring / endringar
0	Dagens organisering	5 barnehagar og eitt oppvekstsenter – 315 plassar / 17 avdelingar
0+	Oppgradere anlegg, justert kapasitet	Same organisering, men oppgradering av alle anlegg til framtidsretta standard og betre fysisk læringsmiljø. Justert kapasitet – 292 plassar / 16 avdelingar
1	Justert drift, Nesflaten leggst ned	5 barnehagar og eitt oppvekstsenter – 252 plassar / 13 avdelingar. Nesflaten leggst ned som ordinær barnehage
2	To barnehagar og tre oppvekstsenter Samling i større fagmiljø	2 barnehagar og 3 oppvekstsenter – 252 plassar / 13 avdelingar. Samanslåing av mindre einingar til Vinjar, Kjølvik og Stølane oppvekstsenter.

## Samanhengen mellom skulestruktur og barnehagestruktur

- ▶ I førre strukturrapport var skulestruktur og barnehagestruktur handsama kvar for seg. Det var likevel fleire element der barnehagestruktur og skulestruktur vart sett i samanheng. Det viktigaste punktet var tilrådinga om oppvekstsenter i alternativ 4 (skule) og 2 (barnehage).
- ▶ Dersom kommunen vedtek andre alternativ for skule enn alternativ 4, fell føresetnadane for alternativ 2 i barnehage bort. Det alternativet som kom best ut med tanke på barnehagestruktur, vert då alternativ 1. Hovudtrekka i dette alternativet:
  - ▶ Nesflaten barnehage vert lagt ned
  - ▶ Sand barnehage vert samlokalisert på Joagarden
  - ▶ Oppgradering av bygg og justering av kapasitet



## Barnehage i denne rapporten

- Barnehagestrukturen er i hovudsak vurdert i førre utgreiing, der kapasitet, bygg og organisering vart gjennomgått samla
- I denne tilleggsutgreiinga er barnehage omtala i avgrensa grad, og særleg vurdert i lys av
  - val av skulestruktur
  - moglege løysingar for oppvekstsenter



# Befolkningsgrunnlag og prognosar

Prognosane viser at Suldal står overfor ein varig nedgang i folketal og elevgrunnlag – med store endringar i den demografiske samansetninga

## Befolkningsutvikling må setje rammene

- Skulestruktur må vurderast i lys av demografisk utvikling og elevgrunnlag
- Analysen viser ein klar og varig nedgang i elevtalet
- Dette er det viktigaste premisset for val av struktur



## Befolkningsgrunnlag og prognosar

Suldal får færre barn og unge


- Elevtalet vil vere stabilt på kort sikt, men deretter gå tydeleg ned
- Nedgangen er varig og gjeld særleg dei små skulekrinsane

Folketalet har over tid gått ned, driven av svak nettoflytting

Nyare vekst er mellombels og knytt til busetjing av flyktingar

Prognosen viser om lag 20 % nedgang i elevtal fram mot 2040


### Suldal kommune 2025–2040



# Prognosane

## Prognosar henta frå kunnskapsgrunnlaget utarbeidd 2025

Framskrivingane viser ein tydeleg nedgang i folketal og elevgrunnlag



Nedgangen kjem gradvis, men er stabil over tid.  
Det er ikkje grunnlag for varig vekst utan store endringar


## Prognosar og faktisk folketal

- Faktisk utvikling er svakare enn prognosane
- Utviklinga etter 2024 ligg nærare lågalternativet
- Også andre analysar peikar mot svak utvikling

SSB utarbeidde i 2024 tre folketalsframskrivingar. Hovudframskrivinga viser noko svakare folketalsutvikling framover enn Norconsult si prognose, som ligg til grunn for dei omtalte elevtala.

Den faktiske folketalsutviklinga etter 1.1.2024 har vore svakare enn SSB sitt hovudalternativ (MMMM) for framskriving av folketalet - og ligg nærare SSB sitt låg-alternativ (sjå figur). Sjølv om perioden er kort, peikar dette i retning av ei svak folketalsutvikling framover.

Telemarksforsking anslår òg svakare folketalsvekst for Suldal enn SSB (kjelde: *Regional analyse 2025: Suldal*). Samstundes viser sjølv SSB sitt hovudalternativ ein folketalsnedgang frå slutten av 2020-talet.



Figur Folketal i Suldal, faktisk og i tre SSB-framskrivninger fra 2024.


## Inn- og utflytting Suldal

Flyttebalansen er svak og utstabil

- Positive tal dei siste åra er i hovudsak knytt til flyktningar
- Utan dette er utviklinga negativ

Det er registrert positiv nettoinnflytting i perioden 2022–2024. Dette kan truleg knytast til busetjing av ukrainske flyktningar, som i stor grad har blitt registrerte som innanlandsk flytting og ikkje som innvandring.

Ser ein bort frå busetjinga av ukrainarar, verkar flyttebalansen for Suldal å vere negativ.



Figur Inn- og utflytting i Suldal. Tal personar. Kjelde: SSB, tabell 13255.

## Faktisk utvikling i barn- og elevtal

Nye fødselstal viser ein tydeleg nedgang i barnetalet

Tabellen under viser barnetalet i barnehagane i Suldal, våren og hausten 2025:

Barnehage	Vår 2025	Haust 2025	Endring
Vinjar barnehage	48	35	-13
Vinjar barnehage avd. Nesflaten	6	4	-2
Sand barnehage	75	67	-8
Stølane barnehage	46	48	2
Jelsa oppvekstsenter avd. barnehage	16	14	-2
Kjølvikstølen barnehage	24	21	-3
<b>Samla</b>	<b>215</b>	<b>189</b>	<b>-26</b>

Tabellen under viser elevtalet i skulane i Suldal dei siste tre åra, med oppsummert endring siste to åra:

Skule	Elevar 23/24	Elevar 24/25	Elevar 25/26	Endring siste to år
Nesflaten oppvekstsenter	17	15	11	-6
Vinjar skule	97	97	94	-3
Sand skule	287	283	270	-17
Erfjord skule	67	72	73	6
Jelsa oppvekstsenter	22	17	21	-1
Marvik skule	24	27	26	2
<b>Samla</b>	<b>514</b>	<b>511</b>	<b>495</b>	<b>-19</b>

**Informasjon frå Suldal kommune tilseier at det vart født 25 barn i Suldal i 2025. Dette er markant under kullstorleikane dei siste åra, som i snitt har vore kring 50 barn.**

Desse siste lokale tala underbyggjer hovudbiletet i prognoserapporten om at utviklinga i barnetalet i oppvekstsektoren er prega av nedgang og auka usikkerheit.

# Næringsutvikling i Suldal

Vidare næringsutvikling i Suldal vert truleg prega av høg aktivitet i anleggsfasar, men få varige arbeidsplassar og moderat langsiktig vekst i sysselsetjing.

## Næringsutvikling i Suldal

Telemarksforskning (2026) dokumenterer at distriktskommunar vil møte ein betydeleg mangel på arbeidskraft fram mot 2050, særleg i dei minst sentrale kommunane. Dette kan svekke både næringsliv og offentlege tenester, og dermed grunnlaget for busetjing.

For Suldal betyr dette at elevtalsutviklinga i aukande grad blir styrt av arbeidsplassutvikling og flyttebalanse, ikkje av fødselstal åleine.

Arbeidskraftmangel understrekar behovet for strukturelle løysingar som kan stå seg over tid.




[Mangel på arbeidskraft i kommunene - Telemarksforskning](#)

## Næringsutvikling i Suldal

Utviklinga i næringslivet har betydning for busetjinga i Suldal. Talet på arbeidsplassar var relativt stabilt frå 2010 til 2022, men talet på sysselsette busette i kommunen har gått ned, noko som har ført til auka netto innpendling. Nedgangen i arbeidsplassar etter 2022 heng i hovudsak saman med nedlegging av ei større verksemd.

Dei viktigaste innpendlingskommunane er Sauda, Hjelmeland, Stavanger, Vindafjord og Ullensvang, medan utpendlinga særleg går til Stavanger og Sauda.

(Kjelde: Regional analyse, kap. 2.2.6)



# Potensiale for arbeidsplassvekst i Suldal

Planlagde prosjekt gir avgrensa varig sysselsetting

## Kraftutbygging Øvre Suldal

- Planlagd kraftutbygging i Øvre Suldal og Ulla-Førre vil gi stor, mellombels etterspurnad etter arbeidskraft i anleggsfasen.
- Arbeidskrafta vil i hovudsak vere pendlarar, og utbyggingane er ikkje venta å gi varig busetjing eller betydeleg auke i talet på faste arbeidsplassar.
- Ringverknader på lang sikt er avgrensa, med berre eit fåtal nye, varige arbeidsplassar ( om lag 10)

## Datasenter Tysingvatnet

- Det er planlagt etablering av eit datasenter ved Tysingvatnet, i regi av Asp Eigedom, på tomt kjøpt frå kommunen.
- I driftsfasen kan datasenteret gi om lag 20 varige arbeidsplassar, inkludert hos underleverandørar.
- Mogleg oppstart rundt 2030, men tidspunktet er usikkert på grunn av ein tidkrevjande og usikker planprosess.

## Oppdrett kveite

- Det ligg føre planar om å utvide eksisterande oppdrettsanlegg for kveite, med ein monaleg auke i produksjonen.
- Utvidinga vil gi auka sysselsetting, men arbeidsplassveksten er venta å vere klart lågare enn produksjonsauken.
- Talet på tilsette ved Sterling White Halibut kan auke frå om lag 5 i dag til anslagsvis 15–20 dersom utvidinga vert realisert.

## Steinbrot

- Mibau Stema driv i dag eit stort steinbrot på Jelsa med om lag 330 arbeidsplassar, og bidreg gjennom ringverknader til ytterlegare sysselsetting i kommunen.
- Det er planar om utviding av pukkverket, med scenario som kan gi ein auke på om lag 40 til 130 fleire arbeidsplassar over tid, avhengig av marknadsutvikling.
- Bedrifta har høg lokal tilknytning, med fleirtalet av dei tilsette busette i Suldal

Som ein del av oppdraget har Norconsult vurdert potensialet for auka sysselsetting i fleire prosjekt som det har vore særleg merksemd kring dei siste åra.

I dette arbeidet er det gjennomført intervju med fleire av dei aktuelle verksemdene.

## Potensiale for auka sysselsetjing i Suldal

### Nye arbeidsplassar i Suldal



Kraftutbygging ..... 10



Datasenter ..... 20



Oppdrett (kveite) ..... 15–20



Steinbrot ..... 40–130

**SUM: ..... 85–180**



Investeringar i fleire av prosjekta vil i anleggsfasen gi auka aktivitet for lokale entreprenør- og handverksverksemdar, men bidraget til varig sysselsetting er gjennomgåande lite. Unntaket er Mibau Stema, der det over tid kan kome ein merkbar vekst i talet på faste arbeidsplassar.

Med utgangspunkt i Suldal si lite sentrale plassering og næringsstruktur er potensialet for arbeidsplassvekst vurdert som lågt, noko som òg peikar mot ei relativt svak befolkningsutvikling framover.

Auka bustadbygging kan gi noko tilflytting, særleg blant pendlarar, men samla effekt er venta å vere moderat.

## Gir fleire arbeidsplassar fleire elevar i skulekrinsane?

- ▶ Framskrivingar viser fallande folketal framover. Samtidig er det planlagt nye etableringar: Vil dei påverke folketal og elevtal?
- ▶ Forsking gir ikkje klare svar. Nye arbeidsplassar kan gi fleire endringar samtidig:
  - ▶ færre pendlar ut
  - ▶ meir innpendling
  - ▶ fleire kjem i arbeid
  - ▶ andre næringar kan bli mindre
- ▶ Tilgang på bustader og byggjekostnader avgrensar ofte tilflytting.
- ▶ Effekten på elevtal er derfor usikker.
- ▶ For å handtere dette lagar vi scenario, med ulike føresetnader for utvikling i folketal og elevar.



## Kopling arbeidsplassar og elevtal - Føresetnadar

Det er ein del planar om nye verksemdar i kommunen; Steinbrot, oppdrett, kraftutbygging, datasenter. Berre den varige sysselsettinga frå desse prosjekta kan ventast gje potensial for auka folketal på varig basis

Noko av veksten kan kome innan 5 år, men andre delar av veksten kan ta 10-15 år.

Mykje er usikkert. Her er to scenario:

To scenario for innbyggjarar per nye arbeidsplass:

- 1) 0,45 fleire innbyggjarar per nye arbeidsplass
- 2) 0,3 fleire innbyggjarar per nye arbeidsplass

- Vi føreset: 0,41 barn i skulealder per nye innbyggjar (Suldal-data i dag)
- Vi reknar på 3 moglege scenario for nye arbeidsplassar: 100, 200 og 300 nye arbeidsplassar, og ser bort frå tendensen til nedgang i arbeidsplassar elles i kommunen, t.d. i jordbruket.
- Nye elevar fordeler seg på skulekrinsane likt med dagens innbyggjarar (Suldal data)

### Arbeidsplassar og Elevtal i Suldal



Scenario 1:

Arbeidsplassar: 100 →

Nye innbyggjarar:  $100 \times 0,45 = 45$  →

Nye elevar:  $45 \times 0,4 = 18$  →



Scenario 2:

Arbeidsplassar: 200 →

Nye innbyggjarar:  $200 \times 0,45 = 90$  →

Nye elevar:  $90 \times 0,4 = 36$  →



Scenario 3:

Arbeidsplassar: 300 →

Nye innbyggjarar:  $300 \times 0,45 = 135$  →


Nye elevar:  $135 \times 0,4 = 54$  →




# Scenario 1: 0,45 nye innbyggjarar per ny arbeidsplass

Sjølv mange nye arbeidsplassar gjev liten auke i elevtal i dei små krinsane.

Nye barn i grunnskulealder i scenario for nye arbeidsplassar



Nye barn i grunnskulealder i scenario for nye arbeidsplassar




Berre barneskulealder for alle krinsar unntatt Sand


# Scenario 2: 0,30 nye innbyggjarar per ny arbeidsplass

Sjølv mange nye arbeidsplassar gjev liten auke i elevtal i dei små krinsane.

Nye barn i grunnskulealder i scenario for nye arbeidsplassar




Nye barn i grunnskulealder i scenario for nye arbeidsplassar



Berre barneskulealder for alle krinsar unntatt Sand

# Kva betyr dette?

- ▶ Skal det bli fleire innbyggjarar ved nyetableringar, må ein ha aktiv bustadpolitikk, jamfør utkast til kommunal strategi
- ▶ Det blir svært få nye elevar i dei små skulekrinsane, sjølv ved gunstige føresetnader.
- ▶ Truleg er dette optimistiske heller enn dei mest sannsynlege resultatata når det gjel dei små krinsane
- ▶ Dersom ein går ned frå 0,45 til 0,3 ny innbyggjar per ny arbeidsplass, vil ein i beste scenario få under 40 nye elevar i kommunen, fordelt på fleire år, alt etter utbyggings- og etableringstempo. Dei fleste nye elevane vil truleg gå på Sand skule.



- Næringsutvikling gir ikkje grunnlag for å oppretthalde dagens struktur
- Elevgrunnlaget i små krinsar blir svakt, sjølv ved positiv utvikling
- Skulestruktur må baserast på demografi – ikkje forventning om vekst

# Berekraft – god utdanning og levande lokalmiljø

Berekraftmål 4 handlar om å sikre god og likeverdig utdanning for alle barn og unge, medan berekraftmål 11 handlar om å utvikle trygge, inkluderande og livskraftige lokalsamfunn over tid.

# Berekraft

Plan- og bygningslova (§ 1-1 Formål) slår fast at all planlegging skal fremje berekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar. Dette inkluderer miljømessige, sosiale og økonomiske omsyn. FN sine berekraftsmål er ein global handlingsplan med 17 mål for å utrydde fattigdom, redusere ulikskap og stoppe klimaendringar innan 2030. Suldal kommune har plukka ut to av desse berekraftsmåla, mål 4 og 11, og ber om at alternativa vert skåra mot desse målsetningane.

- ▶ **Mål 4 – God utdanning:** Dette målet handlar om å sikre inkluderande, rettferdig og god utdanning for alle, og fremje livslang læring. For Suldal kan dette bety at barnehage- og skulestrukturen må leggje til rette for likeverdige tilbod uavhengig av bustad, med gode læringsmiljø og tilgang til kompetente fagpersonar.
- ▶ **Mål 11 – Berekraftige byar og lokalsamfunn:** Dette målet fokuserer på å gjere lokalsamfunn inkluderande, trygge og berekraftige. I Suldal kan dette vere relevant t.d. ved å planleggje skule- og barnehagestruktur som styrkjer lokalsamfunna, reduserer transportbehov og bidreg til attraktive bumiljø.

Kvart alternativ skal skårast mot relevante FN-berekraftsmål (4. God utdanning og 11. Berekraftige byar og lokalsamfunn). Vår forståing er at vi skal utvikle operasjonelle kriterium for berekraft med utgangspunkt i dei to måla.

Alternativ som i stor grad fremjar og legg til rette for å nå mål og kriterium, vil få god skåre i vurderingane på tema berekraft.

Det er gjort ei vurdering av dei ulike alternativa opp mot berekraftsmål 4, basert på ni vurderingsområde som til saman fangar føresetnader for kvalitet, likeverd, tidleg innsats, læringsmiljø og langsiktig berekraft. Vurderinga rettar seg mot struktur og organisering, ikkje mot kvaliteten i einskildskular eller lokal pedagogisk praksis.



# Berekraftmål 4 – god utdanning

Berekraftige oppveksttenester handlar om å sikre stabile, kompetente og samanhengande tenester frå barnehage til skule, der robuste fagmiljø, trygge læringsmiljø og god tilgang til støtte gjer at alle barn får eit likeverdig og framtidsretta tilbod uavhengig av kvar dei bur.

## Berekraft – Mål 4 god utdanning

Målet om god utdanning er delvis omfatta av Norconsult sitt tidlegare oppdrag med kunnskapsgrunnlaget. Dette arbeidet er vidareutvikla i lys av berekraftsmålet og vert nytta i kriterieanalysen av dei konkrete strukturalternativa.

Relevante delmål ([God utdanning](#)):

- ▶ 4.1 Innen 2030 sikre at alle jenter og gutter fullfører gratis og likeverdig grunnskole og vidaregående opplæring av høy kvalitet som kan gi dem et relevant og reelt læringsutbytte».
- ▶ 4.2 Innen 2030 sikre alle jenter og gutter mulighet for god tidlig utvikling og omsorg og tilgang til førskole, slik at de er forberedt på å begynne i grunnskolen
- ▶ 4.6 Innen 2030 sikre at all ungdom og en betydelig andel voksne, både kvinner og menn, lærer å lese, skrive og regne
- ▶ 4.7 Innen 2030 sikre at alle elever og studenter tilegner seg den kompetansen som er nødvendig for å fremme bærekraftig utvikling, blant annet gjennom utdanning i bærekraftig utvikling og livsstil, menneskerettigheter, likestilling, fremme av freds- og ikkevoldskultur, globalt borgerskap og verdsetting av kulturelt mangfold og kulturens bidrag til bærekraftig utvikling
- ▶ 4a) Etablere og oppgradere utdanningstilbud som er barnevennlige, og som ivaretar hensynet til kjønnsforskjeller og til personer med nedsatt funksjonsevne og sikrer trygge, ikke-voldelige, inkluderende og effektive læringsmiljø for alle

Delmål berekraftsmål 4	Vurderingsområde som primært dekkjer delmålet
4.1 Fullføre grunnskule av høg kvalitet	1, 3, 4, 5, 7
4.2 God tidleg utvikling og førskule	2, 3, 5
4.6 Lese, skrive og rekne	1, 4
4.7 Kompetanse for berekraft	5, 6, 7, 9
4.a Trygge, inkluderande læringsmiljø	2, 7, 8

Kobling mellom delmål og vurderingsområde i rapporten

### Hovudmål

- sikre likeverdig og god opplæring for alle elevar

### Dette krev

- robuste fagmiljø og stabile læringsmiljø
- tilgang til kompetanse og støttefunksjonar

## Evalueringsområde

Nr.	Evalueringsområde	Kva som er lagt til grunn i vurderinga
1	Fagleg kvalitet og læringsutbytte	Vurderer om strukturen gir stabile rammer for god undervisning over tid, mellom anna gjennom robuste fagmiljø, fagleg samarbeid og systematisk oppfølging av læringsarbeidet. Dette er vurdert som strukturelle vilkår for kvalitet..
2	Likeverd i opplæringsstilbodet	Vurderer om organisering og struktur legg til rette for likeverd i tilgang til kompetanse, leing, støttefunksjonar og fysiske rammer, uavhengig av bustad og geografi.
3	Tidleg innsats og førebygging	Vurderer om strukturen støttar tidleg identifisering av behov og samanhengande, førebyggjande innsats, inkludert samarbeid mellom skule og støtteapparat. Fokus er på systematiske rammer og låg sårbarheit, ikkje enkelttiltak.
4	Grunnleggande ferdigheiter	Vurderer om strukturen gir føresetnader for målretta og langsiktig arbeid med lesing, skriving og rekning, gjennom fagteam, felles praksisutvikling og kontinuitet på tvers av trinn og år.
5	Profesjonsfellesskap og utviklingskapasitet	Vurderer om einingane er store og robuste nok til å byggje varige profesjonsfellesskap, drive kompetanseutvikling og redusere personavhengig drift.
6	Rekruttering og stabilitet	Vurderer om strukturen legg til rette for stabile og attraktive arbeidsplassar, med moglegheit for heilskaplege stillingar, låg gjennomtrekk og stabile leiar- og fagmiljø.
7	Trygt og inkluderande læringsmiljø	Vurderer om strukturen gir føresetnader for trygge, inkluderande og sosialt robuste læringsmiljø, og korleis reiseveg, overgangar og organisering påverkar kvardagen for barn og elevar.
8	Fysisk læringsmiljø og universell utforming	Vurderer om bygningsmassen er eigna for moderne pedagogikk, tryggleik og universell utforming, og om det er realistisk å oppnå og halde ønskt standard over tid.
9	Langsiktig berekraft og styringsevne	Vurderer om strukturen er robust og handterbar på lang sikt, i møte med demografiske endringar, økonomiske rammer og behov for effektiv styring og prioritering av kvalitet.

# Samla evaluering

## Mål 4 – god utdanning

Farge	Forklaring
	Svekkjer føresetnadene for måloppnåing i stor grad
	Svekkjer føresetnadene i nokon grad, gir avgrensa strukturell effekt
	Gir både styrkar og svakheiter, avgrensa samla strukturgevinst
	Styrkjer føresetnadene i god grad, med identifiserte avgrensingar
	Styrkjer føresetnadene i høg grad og gir robust struktur over tid

	1. Fagleg kvalitet	2. Likeverd	3. Tidleg innsats	4. Grunnleggjande ferdigheiter	5. Profesjonsfelleskap	6. Rekruttering	7. Læringsmiljø	8. Fysisk miljø	9. Berekraft
0 Dagens struktur									
0+ Oppgradering bygg									
2a Nesflaten → Vinjar									
2b Jelsa/Marvik → Kjølvik									
3 To skular nedlagt									
4 Oppvekstsenter + Sand 1-10									
5 Marvik til Sand, Nesflaten til Vinjar, Jelsa til Stølane									
6 Ny skule i sør - Tysingvatnet									

# 4

## GOD UTDANNING

Hovudretning: meir samling gir betre kvalitet og meir berekraftige løysingar.

God gjennomføring er avgjerande for legitimitet og kvalitet.

### ● Styrkar i dag

Trygge oppvekstmiljø  
Tidleg innsats  
Gode overgangar

### ● Strukturelle utfordringar

Små og sårbare fagmiljø  
Utfordringar med rekruttering  
Press på leiing og støtte

### ● Kva betyr struktur?

Små endringar gir avgrensa effekt  
Meir samling gir sterkare fagmiljø  
Større kapasitet

Mange små einingar gir sårbar drift

Meir samling gir robuste fagmiljø

#### Alt 0

Svake faglege rammer  
Ikkje berekraftig

#### Alt 0+

Betre bygg og rammer  
Svake fagmiljø består

#### Alt 2a

Større fagmiljø lokalt  
Liten effekt samla

#### Alt 2b

Meir robuste lokalt  
Små einingar blir verande

#### Alt 3

Tydeleg strukturell effekt  
Lengre reiseveg

#### Alt 4

Mest heilskapleg løysing  
Best føresetnader samla

#### Alt 5

Høg måloppnåing  
Mindre heilskap

#### Alt 6

Svært robuste fagmiljø  
Lengre reiseveg

## Oppsummering berekraftmål 4 – God utdanning

- Dagens struktur er sårbar og gir ikkje tilstrekkeleg grunnlag for kvalitet over tid
- Samling i færre og større einingar styrkjer fagmiljø, leiing og kvalitet
- Oppvekstsenter gir særleg gode føresetnader for samanheng i oppvekstløpet
- Strukturval inneber ei reell avveging mellom kvalitet og nærleik



# Berekraft – levande lokalmiljø

Folk flyttar i liten grad på grunn av tenester åleine.

## Bærekraftsmål 11 – berekraftige byar og lokalsamfunn

Målet er å sikre robuste, attraktive og inkluderande lokalsamfunn

Vi vurderer effektar for busetjing, nærmiljø og kvardagsliv

Vurderinga omfattar:

- omfang av nærmiljøtilbod
- aktivitet i lag og foreiningar
- tilgang på felles møtestader
- offentlege idrettsanlegg og naturkvalitetar
- skule



Gjere byar og lokalsamfunn inkluderande, robuste, trygge og berekraftige

## Bærekraftsmål 11 – flyttemotiv til og frå distriktskommunar

Folk flyttar først og fremst på grunn av

- familie og nettverk
- arbeid og økonomi


Skule og barnehage har liten eller avgrensa betydning

Telemarksforskning har funne at den klart viktigaste grunnen folk oppgir for å flytte til ein distriktskommune i sentralitetsgruppe 5 eller 6, er ønsket om å bu nærare eigen eller partners familie og vener.

Blant dei som vurderer å flytte, vert natur- og friluftsliv samt økonomi og boutgifter trekt fram som viktige grunnar. For dei som faktisk har flytta, vert jobb og karrieremoglegheiter vurderte som viktigare enn blant dei som berre vurderer å flytte, truleg fordi svara er baserte på faktisk erfaring heller enn på eit hypotetisk scenario.

Utdanningstilbod for barn og unge vert i liten grad vurdert som ein avgjerande grunn til å flytte til eller frå ein distriktskommune.

Rapporten viser at utdanningstilbod for barn og unge òg er blant dei minst oppgitte grunnane til å flytte frå ein distriktskommune blant dei som har oppgitt å ha flytta frå slike område.



Figur 15: De viktigste grunnene til å flytte fra en distriktskommune, blant de som har flyttet fra en distriktskommune. Flere svar mulig. Prosent. N = 203

## Berekraftsmål 11 – attraksjon

**Attraktivitetsteori** (Telemarksforsking) er eit nyttig rammeverk når ein skal vurdere kva som kan påverke flyttestraumar og bidra til vekst i næringsliv og reiseliv, og – særleg relevant for denne rapporten – auke talet på innbyggjarar som bur i kommunen. Tabellen ved sida viser kva faktorar som ligg til grunn for ulike former for attraktivitet.

For å skape vekst i ein kommune er det viktig at minst ein av attraktivitetsfaktorane er til stades, men helst at fleire verkemiddel verkar saman og gjer staden attraktiv å flytte til, besøkje eller etablere næringsverksemd i.

Tabellen syner at kommunale tenester som barnehagar og skular er nokre av faktorane, mellom fleire, som gjer stadar attraktive.

Faktorar	Bedrift	Besøk	Bustad
<b>Omdømme</b>	Omdømme som ein stad å driva næringsliv	Omdømme som ein stad å vitja	Omdømme som ein stad å bu
<b>Areal og bygningar</b>	Næringsareal Lokale Næringshagar	Areal til hytter Eksisterande hytter Overnattingskapasitet	Tomteareal Bustader Tilgjenge
<b>Amenitetar</b>	Tilgang til forretningstenester Servicenivå i kommunen FoU- og kompetanseinstitusjonar Tilgang på kompetent arbeidskraft	Naturherlegdomar Tilrettelegging for friluftsliv Kulturtilbod Sport- og fritidstilbod	Kommunale tenester (skule, barnehage osv.) Naturherlegdomar Tilrettelegging for friluftsliv Kulturtilbod Sport- og fritidstilbod
<b>Identitet og stadleg kultur</b>	Nettverk mellom bedrifter Klynger Innovasjonsklima Samarbeid mellom næringsliv og kommune	Gjestfridom Servicehaldning Samarbeid mellom besøksnæringane Destinasjonsutvikling	Lokal identitet Gjestfridom Toleranse Samarbeidsånd Utviklingskultur

## Nærmiljøtilbod

- ▶ Det er gjort ei overordna vurdering av nærmiljøtilboda knytt til kvar av dagens skulekretsar.
- ▶ Det er kartlagt om det finst for eksempel butikk, bensinstasjon, andre butikkar, forsamlingsstadar osv.
- ▶ Kartlegginga er gjort gjennom opne kjelder på internett og i dialog med Suldal kommune.

Lokalsamfunn	Nærmiljøtilbod	Kommentar
Sand	Godt nærmiljøtilbod	Har mellom anna fleire daglegvarebutikkar, apotek, blomsterbutikk, kafé, treningscenter, klede og sko, overnattingsmoglegheiter, Vinmonopol, hagesenter og servicefunksjonar som legesenter.
Vinjar/Suldalsosen	Middels nærmiljøtilbod	Fleire daglegvarebutikkar, bensinstasjon, campingplass, samfunnshus og idrettsanlegg.
Nesflaten	Middels nærmiljøtilbod	Overnattingsmoglegheit, daglegvare og bensinstasjon (berre drivstoff).
Erfjord/Hålandsosen	Middels nærmiljøtilbod	Daglegvare, elbilladar, grendehus, grendesenter, Betel- og bedehus.
Jelsa	Middels nærmiljøtilbod	Overnattingsmoglegheit, daglegvarebutikk, museum og drivstoff.
Marvik/Vatlandsvåg	Middels nærmiljøtilbod	Daglegvarebutikk, bensinstasjon, bedehus og grendehus.

## Lag og organisasjonar i Suldal

I vedlegget *Folketal, arbeidsplassar og attraksjon* peikar vi på fleire faktorar som påverkar attraktivitet for bedrifter, besøkande og busetjing. Mellom dei stadlege godene som trekkjer opp bustads- og besøksattraktivitet, finn vi kommunale tenester som barnehage og skule, natur og friluftsliv, kulturtilbod og sport- og fritidsaktivitetar. Vi legg til grunn at natur og friluftsliv er svært tilgjengeleg og attraktivt i heile Suldal.

Dette kapittelet ser difor nærare på kultur-, sport- og fritidstilbodet gjennom ei systematisk kartlegging av registrerte lag og foreiningar i kommunen. Oversikta byggjer på kommunen si eiga liste, kvalitetssikra av kulturavdelinga, og på Brønnøysundregisteret. Av 203 registrerte lag er 142 vurderte som relevante for analyse av frivillig aktivitet, møteplassar og lokal attraktivitet.

Vi har merka organisasjonar som aktive der vi har funne spor av aktivitet siste året. «Usikker» betyr ikkje inaktivitet, men at vi ikkje har kunna verifisere status. Totalt er 80 lag verifiserte som aktive, men talet er truleg høgare. Nokre kategoriar overlappar, til dømes mellom idrett og barn/unge.

Skulekrins	Aktive (Ja)	Usikre	Sum
Erfjord	11	18	29
Jelsa	10	6	16
Marvik	7	8	15
Nesflaten	6	10	16
Vinjar	9	14	23
Sand	37	6	43
SUM	80	62	142

Korleis organisasjonane fordelar seg på krinsane (uferdig?)

## Lag og organisasjonar i Suldal

Tabellen viser eit breitt, men ujamnt fordelt organisasjonsliv i Suldal.

Sand skil seg ut med flest og mest aktive lag, medan dei mindre krinsane har færre, men stabile kjerneaktivitetar.

Nokre kategoriar, særleg landbruk/natur og trus- og livssyn, har mange registrerte lag, men få med stadfesta aktivitet.

Kategori	Erfjord	Jelsa	Marvik	Nesflaten	Vinjar	Sand	Sum per kategori
<b>Barn og unge / oppvekst</b>	2 (2)	4 (4)	3 (1)	3 (2)	4 (2)	7 (6)	<b>23 (17)</b>
<b>Idrett og fysisk aktivitet</b>	2 (2)	2 (2)	2 (2)	2 (2)	1 (1)	7 (5)	<b>16 (14)</b>
<b>Kultur, musikk og kunst</b>	4 (3)	3 (2)	2 (2)	2 (1)	2 (1)	9 (6)	<b>22 (15)</b>
<b>Grendelag / vel / bygdehus / nærmiljø</b>	4 (1)	1 (0)	3 (1)	3 (2)	2 (1)	12 (12)	<b>25 (17)</b>
<b>Trus og livssyn</b>	3 (0)	1 (1)	1 (1)	0 (0)	2 (0)	1 (1)	<b>8 (3)</b>
<b>Helse / humanitært</b>	4 (2)	0 (0)	1 (0)	2 (0)	0 (0)	3 (3)	<b>10 (5)</b>
<b>Landbruk / natur</b>	8 (0)	1 (0)	2 (0)	6 (0)	3 (0)	0 (0)	<b>20 (0)</b>
<b>Vaksne / fritid / interesse</b>	0 (0)	0 (0)	0 (0)	0 (0)	3 (1)	2 (2)	<b>5 (3)</b>
<b>Senior</b>	0 (0)	0 (0)	0 (0)	0 (0)	1 (1)	1 (1)	<b>2 (2)</b>
<b>Næring / interesse</b>	1 (1)	4 (1)	1 (0)	0 (0)	2 (0)	4 (3)	<b>12 (5)</b>
<b>Politikk</b>	1 (0)	1 (0)	0 (0)	0 (0)	2 (2)	3 (2)	<b>7 (4)</b>
<b>Friluft</b>	0 (0)	0 (0)	0 (0)	0 (0)	0 (0)	2 (2)	<b>2 (2)</b>
<b>SUM per krins</b>	<b>29 (11)</b>	<b>16 (10)</b>	<b>15 (7)</b>	<b>16 (6)</b>	<b>23 (9)</b>	<b>43 (37)</b>	<b>142 (80)</b>

## Lag og organisasjonar i Suldal

Skulekrets	Folketal 2026	Del av folketalet i kommunen	Tal organisasjonar	Tal aktive organisasjonar	Del av alle organisasjonar
<b>Sand</b>	1481	38,2 %	43	37	<b>30,3 %</b>
<b>Vinjar</b>	943	24,3 %	23	9	<b>16,2 %</b>
<b>Erfjord</b>	571	14,7 %	29	11	<b>20,4 %</b>
<b>Marvik</b>	393	10,1 %	15	7	<b>10,6 %</b>
<b>Jelsa</b>	273	7,0 %	16	10	<b>11,3 %</b>
<b>Nesflaten</b>	212	5,5 %	16	6	<b>11,3 %</b>
<b>SUM</b>	3873	100 %	142	80	100 %

### Samla vurdering

- Sand er naturleg tyngdepunkt for frivillig aktivitet.
- Erfjord, Jelsa og Nesflaten har sterk frivillig aktivitet i høve til folketalet, noko som kan tyde på høg lokal mobilisering og sterke sosiale strukturar.
- Vinjar er noko underrepresentert i frivillig aktivitet gitt folketalet.
- Marvik ligg nær ein «forventa» balanse mellom folketal og organisasjonsliv.
- Oversikten gjev ikkje innsikt i kvalitetet, oppmøte, aktivitetsnivå eller andre sentrale indikatorar

## Etterbruk av anlegg

- ▶ Forskinga gir eit samstemt bilete av at etterbruk av skulebygg krev tidleg og realistisk avklaring av strategi. Manglande plan for etterbruk aukar risikoen for forfall og tap av verdi, medan vellukka løysingar ofte føreset politisk vilje, avklara eigarskap, realistisk økonomi og tilpassing til lokale behov og marknadsforhold (Lind & Stjernström 2015; Williams 2025).
- ▶ Telemarksforsking tilrår høgt medvit kring etterbruk av anlegg
- ▶ For Suldal kan dette innebere at etterbruk av skulebygg bør handterast parallelt med, eller vurderast fortløpande etter skulestrukturutgreiinga, der økonomi, vedlikehald og lokalsamfunnsperspektiv vert sett i samanheng.
- ▶ Erfaringar frå nordisk og internasjonal forskning tilseier at etterbruk sjeldan er kostnadsfri, men at tidleg planlegging kan redusere risiko og gje betre grunnlag for langsiktige løysingar.
- ▶ Erfaring frå andre kommunar tilseier at kommunen må ta eit aktivt val med tanke på om etterbruk også kan bety oppretting av privatskule i skulebygg som kommunen sjølv ikkje skal nytte vidare som skule. Privatskule kan vere kostnadsnevnde for kommunen, og vil i mange tilfelle øydeleggje premissa for strukturendring og hemme sjansen for å ta ut gevinstar av strukturvedtak.



## Vurdering berekraftsmål 11

### Vurdering

- Små forskjellar mellom alternativa på kommunenivå
- Tydelegare konsekvensar for lokalsamfunn
- Struktur påverkar kvardag meir enn busetjing

### Overordna berekraft

- Skulestruktur påverkar i liten grad overordna folketalsutvikling
- Valet handlar fyrst og fremst om konsekvensar for kvardagsliv og nærmiljø

Strukturval bør baserast på kvalitet og berekraft – ikkje forventning om folketalsvekst

Alternativ	Kort beskriving	Kommunal påverknad	Lokal påverknad	Kort vurdering
0/0+	Dagens struktur			Stabilt lokalt, minst robust
2A	Nesflaten til Vinjar			Avgrensa effekt, lokal reduksjon
2B	Jelsa til Kjølvik			Avgrensa effekt, lokal reduksjon
3	2A + 2B			Samla lokal belastning
4	Oppvekstsenterstruktur			Meir robust, framleis lokale konsekvensar
5	Større samling til tre skular			Størst lokale konsekvensar
6	Ny Tysingvatnet skule i sør			Mest usikker effekt

# Berekraft – økonomi

Analysen viser at Suldal står i ein situasjon der demografi, inntektsutvikling og tenestestruktur krev tydelege prioriteringar og meir berekraftige løysingar for å sikre økonomisk handlingsrom over tid.

## Økonomisk hovudbilete

Suldal har høge inntekter i dag, men står overfor **tydeleg økonomisk omstilling:**

- høgt nivå på tenester er delvis finansiert av kraftinntekter
  - dette gir ikkje eit robust grunnlag over tid – og er ikkje økonomisk berekraftig
- 

Suldal kommune har store kraftinntekter, noko som har gjort det mogleg å ha høge driftsutgifter og gjennomgåande god kvalitet på tenestetilbodet over tid.

Samstundes vil ein aukande del eldre framover leggje press på dei kommunale utgiftene til helse- og omsorgstenester, medan færre i yrkesaktiv alder over tid vil svekkje skatteinntektene.

Inntektssystemet for kommunane byggjer på at ressursar vert omdisponerte frå tenester med fallande tal på brukarar, som barnehage og skule, til tenester der utgiftsbehovet aukar, særleg eldreomsorg.




## Demografi og utgiftsvekst

Kommunen har gjort ei utrekning av kva dei demografiske endringane i SSB sitt hovudalternativ vil innebere for dei kommunale driftsutgiftene.

Utrekninga viser ein stor auke i utgiftene, særleg som følge av fleire av dei eldste eldre aldersgruppene.

Samstundes er utgiftene knytt til skuleelevar, venta å gå noko ned. Dette er ei teoretisk berekning som tek utgangspunkt i at utgift per elev og per eldre person er konstante over tid.



Figur 5-1 Beregna demografiutgifter. Kjelde Suldal kommune, økonomiplan<sup>[1]</sup>.

[1] <https://pub.framsikt.net/2026/suldal/bm-2026-hp26k#/generic/summary/popstat?scrollTo=PopStat-PopulationDevelopment>

## Kommunale inntekter og demografisk utvikling


Framtidige inntekter er usikre og kan verte lågare

- færre yrkesaktive gir lågare skatteinntekter
- kraftinntektene kan bli redusert over tid
- inntektssystemet trekkjer ressursar mot eldreomsorg

Inntektene til kommunen er følsame for utviklinga i folketal og sysselsetting. Rammetilskotet følgjer i hovudsak folketalsutviklinga, men vert redusert gjennom inntektsutjamninga fordi Suldal har store kraftinntekter.

Skatteinntektene er føresette å følgje talet på sysselsette busette i kommunen, noko som inneber at færre i yrkesaktiv alder gir lågare skatteinntekter. Utrekningane viser at demografiske endringar kan gi lågare samla inntekter fram mot 2040, særleg ved låg folketalsutvikling, men tala er grove anslag og viser først og fremst retninga på utviklinga.

Kommunen er utsett for dei same trendane som andre utkantkommunar, med færre barn og unge og ein aukande del eldre. Dette kan over tid føre til lågare skatteinntekter, samstundes som den demografiske utviklinga, særleg fleire eldre, gir auka utgifter til kommunale tenester.



Figur: Sum av skatteinntekter og rammetilskudd i tre befolkningsframskrivinger fra SSB.

## Framtidige kraftinntekter er usikre


Suldal har store kraftinntekter og høge overskot, men det er betydeleg uvisse om inntektene vil halde seg.

Kraftinntektene har vore tema i politiske ordskite og offentlege utgreiingar, mellom anna forslag om at kraftkommunar bør avgi ein del av inntektene til nasjonal utjamning.

Regjeringa har òg varsla trekk i rammetilskotet grunna ekstraordinære strauminntekter, og sjølv om tiltaka er modererte, viser dei at ordninga er under press. Energikommisjonen peikar på uheldige utslag i dagens system.

Sjølv om større endringar ikkje har fått gjennomslag, blir det jamleg gjort justeringar som svekkjer inntektene for kommunar med høge skatteinntekter, som auka inntektsutjamning frå 2026. Endra økonomiske rammer og politiske skifte kan redusere kraftinntektene ytterlegare.

For å førebu seg og sikre langsiktig berekraft, har Suldal sett i gang tiltak for å redusere driftsutgiftene.



## Kva betyr dette for skulestruktur?

- Mindre elevgrunnlag og pressa økonomi krev meir effektiv drift av skulen
- Struktur med mange små einingar bind ressursar og gir lite handlingsrom
- Det er nødvendig å tilpasse struktur for å sikre berekraft over tid




# Alternativsvurderingar

Alternativsvurderingane viser at berre nokre få strukturalternativ er reelt berekraftige over tid, medan fleire andre gir for høge kostnader, for låg robustheit eller for stor sårbarheit til å kunne anbefalast vidare.

## Alternativsvurderingar

Alternativa er vurderte samla på kvalitet, økonomi og samfunnseffektar

- ▶ Både prissette og ikkje-prissette konsekvensar
- ▶ Same metodikk for alle alternativ




## Strukturalternativ 6 – Skule Tysingvatnet

I kunnskapsgrunnlaget frå 2025 vart eit alternativ med ein skule i sør teken vekk som aktuelt alternativ i ein grovsilingsprosess før ein kom til alternativsvurderinga. Følgjande grunngeving vart gjeve:

- ▶ *Alternative lokasjonar for ein felles skule i sør er testa ut i GIS-analysar; Gjev høvesvis større avstandar og reiseveg for mange elevar. Båtruter vil krevja fleire anløp og / eller mange tilførselsruter med buss, og eit større omfang vil vere kostnadskrevjande.*
- ▶ *Fleire elevar lyt krysse fleire rasutsette område. Kan vere i målkonflikt med å satse på grendene og distrikta i kommunen.*

Dette alternativet, konkretisert med ny skule lokalisert ved Tysingvatnet, skal alternativvurderast i denne tilleggsgutgreiinga.

Ein konsekvens av Alternativ 6 for skule, er at ein ikkje opprettar oppvekstsenter i sør. Dersom dette alternativet vert vedteke, vil ikkje Alternativ 2 for barnehage vere eit mogeleg alternativ.



## Alternativsvurderingar - samanlikning

Alternativ	0	0+	2a	2b	3	4	5	6
<b>MÅLSETJING</b>								
<b>Helse, miljø og tryggleik</b>								
Alternativet fremjar eit trygt og helsefremjande arbeidsmiljø for elevar og tilsette i skule, barnehage og SFO.	Orange	Grøn	Grøn	Grøn	Grøn	Grøn	Grøn	Grøn
Alternativet fremjar trygg skule- og barnehageveg	Yellow	Yellow	Orange	Orange	Orange	Yellow	Orange	Orange
Alternativet gir akseptabel reisetid for barn og elevar.	Yellow	Yellow	Yellow	Yellow	Yellow	Yellow	Red	Yellow
<b>Barn; Likeverd, leik, læring og venskap. Læringsmiljø</b>								
Alternativet tilfredsstillar krav til fysisk miljø som fremjar eit likeverdig tilbod om tilpassa leik og læring	Orange	Grøn	Grøn	Grøn	Grøn	Grøn	Grøn	Grøn
Alternativet tilfredsstillar krav til fysisk miljø som fremjar godt og variert tilbod til mangfaldet av barn.	Orange	Grøn	Grøn	Grøn	Grøn	Grøn	Grøn	Grøn
Alternativet fremjar trivsel, venskap og gode relasjonar	Orange	Orange	Orange	Orange	Yellow	Yellow	Yellow	Yellow
<b>Organisasjon; Attraksjon, samarbeid og kompetanse. Utvikling og kvalitet</b>								
Alternativet fremjar rekruttering av lovpålagd kompetanse	Orange	Yellow	Yellow	Yellow	Grøn	Grøn	Grøn	Grøn
Alternativet fremjar profesjonsfaglege fellesskap	Orange	Orange	Orange	Orange	Yellow	Grøn	Grøn	Grøn
Alternativet fremjar robuste leiarteam	Orange	Orange	Orange	Orange	Yellow	Grøn	Grøn	Grøn
Alternativet fremjar samarbeid med førstelinjetenesta (PPT, helsetenesta, BVT m.fl.)	Red	Orange	Yellow	Yellow	Grøn	Grøn	Grøn	Grøn
<b>Ressursutnytting; Kapasitet og effektiv drift</b>								
Alternativet er tilpassa forventna framtidig barne-, elev- og klassetal i Suldal kommune	Red	Yellow	Grøn	Grøn	Grøn	Grøn	Grøn	Grøn
Alternativet fremjar smidig og effektiv bygningsdrift	Orange	Yellow	Yellow	Yellow	Grøn	Grøn	Grøn	Grøn
Alternativet legg til rette for ressursutnytting på tvers av einingane.	Orange	Orange	Orange	Orange	Yellow	Grøn	Grøn	Grøn
<b>Nærmiljø og sentrumsutvikling</b>								
Alternativet fremjar gode nærmiljø og ønska sentrumsutvikling	Yellow	Yellow	Yellow	Yellow	Yellow	Yellow	Orange	Orange

## Alternativsvurderingar - oppsummering


### Overordna funn – ikkje-prissette konsekvensar

Den samla skåringa viser at berre alternativa 3- 6 oppfyller mål om ein meir forsvarleg og berekraftig skulestruktur.

Alternativ 4 kjem best ut totalt, med høg måloppnåing på dei fleste område.

Alternativ 5 og 6 er reelle og fagleg gode, men har svakare måloppnåing på tryggleik, reiseveg og nærmiljø/sentrumsutvikling.

Alternativa 0, 0+, 2a og 2b fell klart gjennom i alternativsvurderinga, og er ikkje berekraftige som framtidige strukturalternativ.



## Økonomi – prissette konsekvensar

Den oppdaterte kalkylen viser at alternativ 0+ framleis er det dyraste, med årskostnader på om lag 96,3 mill. kr, driven av høge FDV- og kapitalkostnader ved å halde mange bygg i drift.

Alternativ 2b ligg òg høgt (ca. 94,9 mill. kr), særleg grunna skyss og kapital knytt til løysingar rundt Kjølvik, medan 2a kjem noko lågare (ca. 93,4 mill. kr).

Alternativ 3 og 4 ligg begge rundt 92–93 mill. kr og gir ei innsparing samanlikna med 0+ og 2a og 2b.

Alternativ 5 kjem best ut økonomisk, med ca. 82 mill. kr per år, lågast lønnskostnad og lågare skyss enn alt. 3 og 4.

### Føresetnadar

Kostnader er rekna med etter same prinsipp og med same komponentar som i opphavelig utgreiing

- ▶ Samletabellen viser kostnader til skuledrift, skyss, bygningsdrift og kapitalkostnader for dei ulike strukturalternativa. Kostnader og endringar per år.
- ▶ **Lønn:** Viser årleg kostnad og endring frå alternativ 0 (rekneskap 2024). Kommunale tal. Det er lagt til grunn 4 % lønsauke.
- ▶ **Skyss:** Årleg kostnad med utgangspunkt i skyssbehovet i dei ulike alternativa. Kostnad per billett uendra.
- ▶ **FDV:** Årleg driftskostnad for skulebygg. Bygger i 0-alternativet på rekneskapstal for 2024. Frå 0+-alternativet brukar vi tilrådd kostnadsnivå frå Norsk Prisbok per m<sup>2</sup> BTA. Det er lagt til grunn 4 % prisauke frå førre kalkyle
- ▶ **Kapitalkostnad:** Årleg utgift til rente og avdrag ved lån til investering. MVA trekt frå. Det er lagt til grunn 4 % prisauke frå førre kalkyle

Alternativ 0 - Videreføring av dagens situasjon		Alternativ 0+ : Uendra struktur, oppgradere til god standard, tilrådd FDV-nivå		Alternativ 2a: Legge ned Nesflaten skule og flytte elevane til Vinjar, oppgradere resten av skulane som 0+, tilrådd FDV-nivå		Alternativ 2b: Leggje ned Jelsa. Flytte elevane, saman med Marvik skule, til Kjølvik (nytt bygg som erstatning for Marvik skule). Oppgradere resten av skulane som 0+, tilrådd FDV-nivå		Alternativ 3: Legge ned 2 skular Nesflaten til Vinjar og Jelsa/Marvik til Kjølvik. Oppgradere resten av skulane som 0+, tilrådd FDV-nivå		Alternativ 4: Legge ned 2 skular. Ny struktur med tre oppvekstsenter i distrikta (og framhald 1-10 skule i sentrum). Oppgradere resten av skulane som 0+, tilrådd FDV-nivå		Alternativ 5: Jelsa til Erfjord (Stølane oppvekstsenter), Marvik til Sand og Nesflaten til Vinjar (oppvekstsenter)		Alternativ 6: Opprette ny skule i sør;Tysingvatnet. Legge ned Nesflaten, Jelsa, Marvik og Erfjord. Behalde Sand og Vinjar (oppvekstsenter)	
Lønnskostnad	71,4 mill	Lønnskostnad	71,4 mill	Lønnskostnad	69,6 mill	Lønnskostnad	68,8 mill	Lønnskostnad	67,4 mill	Lønnskostnad	67,4 mill	Lønnskostnad	62,0 mill	Lønnskostnad	66,8 mill
Nesflaten	3,2 mill	Nesflaten	3,2 mill	Nesflaten	-	Nesflaten	3,0 mill	Nesflaten	-	Nesflaten	-	Nesflaten	-	Nesflaten	-
Vinjar	13,0 mill	Vinjar	13,0 mill	Vinjar + Nesflaten	14,4 mill	Vinjar	12,5 mill	Vinjar + Nesflaten	14,4 mill	Oppvekstsenter: Vinjar + Nesflaten + Vinjar bhg	14,4 mill	Oppvekstsenter: Vinjar + Nesflaten + Vinjar bhg	14,4 mill	Oppvekstsenter: Vinjar + Nesflaten + Vinjar bhg	14,4 mill
Sand	36,4 mill	Sand	36,4 mill	Sand	36,4 mill	Sand	36,4 mill	Sand	36,4 mill	Sand	36,4 mill	Sand + Marvik	38,1 mill	Sand	36,4 mill
Marvik	5,0 mill	Marvik	5,0 mill	Marvik	5,0 mill	Marvik Kjølvik + Jelsa	7,8 mill	Marvik Kjølvik + Jelsa	7,5 mill	Oppvekstsenter: Marvik Kjølvik + Jelsa + Kjølvikstølen bhg	7,5 mill	Marvik	-	Marvik, Jelsa og Erfjord	-
Jelsa	4,3 mill	Jelsa	4,3 mill	Jelsa	4,3 mill	Jelsa	-	Jelsa	-	Jelsa	-	Jelsa	-	Jelsa	-
Erfjord	9,6 mill	Erfjord	9,6 mill	Erfjord	9,6 mill	Erfjord	9,2 mill	Erfjord	9,2 mill	Oppvekstsenter: Erfjord Stølane + Stølane bhg.	9,2 mill	Erfjord + Jelsa i Stølane	9,6 mill	Tysingvatnet	16,1 mill
Endring pr år	-	Endring pr år	-	Endring pr år	-1,81 mill	Endring pr år	-2,57 mill	Endring pr år	-4,06 mill	Endring pr år	-4,06 mill	Endring pr år	-9,44 mill	Endring pr år	-4,63 mill
Skyskostnad	2,5 mill	Skyskostnad	2,5 mill	Skyskostnad	2,6 mill	Skyskostnad	6,3 mill	Skyskostnad	6,4 mill	Skyskostnad	5,9 mill	Skyskostnad	2,1 mill	Skyskostnad	3,1 mill
Endring per år	-	Endring per år	-	Endring per år	0,12 mill	Endring per år	3,83 mill	Endring per år	3,95 mill	Endring per år	3,39 mill	Endring per år	-0,38 mill	Endring per år	0,61 mill
FDV kostnad	10,2 mill	FDV kostnad	14,0 mill	FDV kostnad	12,7 mill	FDV kostnad	12,7 mill	FDV kostnad	11,5 mill	FDV kostnad	11,5 mill	FDV kostnad	11,4 mill	FDV kostnad	11,8 mill
Nesflaten	1,0 mill	Nesflaten	1,3 mill	Nesflaten	-	Nesflaten	1,3 mill	Nesflaten	-	Nesflaten	-	Nesflaten	-	Nesflaten	-
Vinjar	1,9 mill	Vinjar	3,9 mill	Vinjar + Nesflaten	3,9 mill	Vinjar	3,9 mill	Vinjar + Nesflaten	3,9 mill	Oppvekstsenter: Vinjar + Nesflaten + Vinjar bhg	3,9 mill	Oppvekstsenter: Vinjar + Nesflaten + Vinjar bhg	3,9 mill	Oppvekstsenter: Vinjar + Nesflaten + Vinjar bhg	3,9 mill
Sand	3,5 mill	Sand	4,6 mill	Sand	4,6 mill	Sand	4,6 mill	Sand	4,6 mill	Sand	4,6 mill	Sand + Marvik	4,6 mill	Sand	4,6 mill
Marvik	1,0 mill	Marvik	1,3 mill	Marvik	1,3 mill	Marvik Kjølvik + Jelsa	1,3 mill	Marvik Kjølvik + Jelsa	1,3 mill	Oppvekstsenter: Marvik Kjølvik + Jelsa + Kjølvikstølen bhg	1,3 mill	Marvik	-	Marvik, Jelsa og Erfjord	-
Jelsa	1,2 mill	Jelsa	1,3 mill	Jelsa	1,3 mill	Jelsa	-	Jelsa	-	Jelsa	-	Jelsa	-	Jelsa	-
Erfjord	1,4 mill	Erfjord	1,7 mill	Erfjord	1,7 mill	Erfjord	1,7 mill	Erfjord	1,7 mill	Oppvekstsenter: Erfjord Stølane + Stølane bhg.	1,7 mill	Erfjord + Jelsa i Stølane	1,7 mill	Tysingvatnet	3,4 mill
Endring per år	-	Endring per år	3,9 mill	Endring per år	2,6 mill	Endring per år	2,6 mill	Endring per år	1,3 mill	Endring per år	1,3 mill	Endring per år	1,3 mill	Endring per år	1,7 mill
Kapitalkostnad	-	Kapitalkostnad	8,40 mill	Kapitalkostnad	8,37 mill	Kapitalkostnad	6,98 mill	Kapitalkostnad	6,95 mill	Kapitalkostnad	8,15 mill	Kapitalkostnad	6,38 mill	Kapitalkostnad	9,03 mill
Nesflaten	-	Nesflaten	0,02 mill	Nesflaten	-	Nesflaten	0,02 mill	Nesflaten	-	Nesflaten	-	Nesflaten	-	Nesflaten	-
Vinjar	-	Vinjar	0,40 mill	Vinjar + Nesflaten	0,40 mill	Vinjar	0,40 mill	Vinjar + Nesflaten	0,40 mill	Oppvekstsenter: Vinjar + Nesflaten + Vinjar bhg	0,40 mill	Oppvekstsenter: Vinjar + Nesflaten + Vinjar bhg	0,40 mill	Oppvekstsenter: Vinjar + Nesflaten + Vinjar bhg	0,40 mill
Sand	-	Sand	0,50 mill	Sand	0,50 mill	Sand	0,50 mill	Sand	0,50 mill	Sand	0,50 mill	Sand + Marvik	0,50 mill	Sand	0,48 mill
Marvik	-	Marvik	2,25 mill	Marvik	2,25 mill	Marvik Kjølvik + Jelsa	3,14 mill	Marvik Kjølvik + Jelsa	3,14 mill	Oppvekstsenter: Marvik Kjølvik + Jelsa + Kjølvikstølen bhg	3,14 mill	Marvik	-	Marvik, Jelsa og Erfjord	-
Jelsa	-	Jelsa	2,31 mill	Jelsa	2,31 mill	Jelsa	-	Jelsa	-	Jelsa	-	Jelsa	-	Jelsa	-
Erfjord	-	Erfjord	2,92 mill	Erfjord	2,92 mill	Erfjord	2,92 mill	Erfjord	2,92 mill	Oppvekstsenter: Erfjord Stølane + Stølane bhg.	4,11 mill	Erfjord + Jelsa i Stølane	5,48 mill	Tysingvatnet	8,15 mill
Endring pr år	-	Endring pr år	8,40 mill	Endring pr år	8,37 mill	Endring pr år	6,98 mill	Endring pr år	6,95 mill	Endring pr år	8,15 mill	Endring pr år	6,38 mill	Endring pr år	9,03 mill
Sum	84,1 mill	Sum kostnader	96,3 mill	Sum kostnader	93,3 mill	Sum kostnader	94,9 mill	Sum kostnader	92,2 mill	Sum kostnader	92,8 mill	Sum kostnader	81,9 mill	Sum kostnader	90,7 mill
Differanse til Alternativ 0		Differanse til Alternativ 0	12,3 mill	Differanse til Alternativ 0	9,3 mill	Differanse til Alternativ 0	10,8 mill	Differanse til Alternativ 0	8,1 mill	Differanse til Alternativ 0	8,8 mill	Differanse til Alternativ 0	-2,2 mill	Differanse til Alternativ 0	6,7 mill
Differanse til alternativ 0+	-12,3 mill	Differanse til alternativ 0+		Differanse til alternativ 0+	-3,0 mill	Differanse til alternativ 0+	-1,5 mill	Differanse til alternativ 0+	-4,1 mill	Differanse til alternativ 0+	-3,5 mill	Differanse til alternativ 0+	-14,4 mill	Differanse til alternativ 0+	-5,6 mill

# Minimumsstandardar for reelle og forsvarlege alternativ

Eit reelt alternativ er ei løysing som heng saman fagleg, praktisk og økonomisk, er lovleg, gjev god kvalitet og som kan stå seg som forsvarleg over tid

## Minimumsstandardar for reelle og forsvarlege alternativ – mandat og avgrensingar

Ein del av oppdraget er å identifisere og vurdere fleire reelle strukturalternativ, inkludert dagens struktur, tidlegare framlagde alternativ og Tysingvatnet som mogleg felles skulelokalisering i sør. Utgreiinga skal klargjere kva som er minimumskrav for at eit alternativ kan reknast som reelt, til dømes knytt til barns beste, læringsmiljø, kapasitet, kostnad, reiseveg og arbeidsmiljø.

Alternativvurderinga skal gjerast i samarbeid mellom leverandør og administrasjonen i Suldal kommune. Utgreiinga skal ikkje låse seg til eitt alternativ, men gi eit nøkternt samanlikningsgrunnlag for politisk avgjerd.

Avgrensingar:

- ▶ Analysen har fokus på skule, jamfør tidlegare avgrensing og forståing av politisk mandat
- ▶ Eit reelt alternativ skal vere eit alternativ der løysingane for kvar skule og alternativet som heilskap er forsvarleg

I vurdering av skulestrukturalternativ er det avgjerande å skilje mellom:

- ▶ om eit alternativ kan reknast som reelt og lovleg (minimumskrav – *forsvarleg*), og
- ▶ i kva grad alternativet gir eit godt og framtidsretta skuletilbod (kvalitetskrav – *godt*).

Minimumskrava følgjer direkte av forskrift og lov, og må vere oppfylte for at eit alternativ i det heile kan vurderast vidare. Kvalitetskrava går utover minimum, og er relevante for å samanlikne og rangere alternativ som alle er forsvarlege.

## Samla oppsummering reelle alternativ for skulestruktur Suldal kommune

Alternativ	Reelt?	Økonomi	Kapasitet / struktur	Bygg / fysisk miljø	Fagmiljø / kompetanse	Samla vurdering
0 Dagens struktur	Nei	<b>Svært svak:</b> høge driftskostnader over tid, stort vedlikeholdsetterslep	<b>Låg (~59 %):</b> stor overkapasitet, mange små einingar	<b>Store avvik:</b> fleire bygg ikkje forsvarlege over tid	<b>Sårbart:</b> små fagmiljø, rekrutterings- og leiingsutfordringar	<b>Ikkje forsvarleg:</b> fell under minimumskrav for bygg, kapasitet og fagmiljø
0+ Oppgradert struktur	Nei	<b>Dyrt:</b> høgast årskostnad, store investeringar utan strukturell gevinst	<b>Låg (~68 %):</b> fragmentert struktur vidareført	<b>Teknisk mogleg, men dyrt:</b> alle bygg kan løftast, men krev svært store investeringar	<b>Sårbart:</b> små fagmiljø og rekruttering uendra	<b>Lite berekraftig:</b> formelt reelt, men svakt kost-nytte og ingen strukturell effekt
2a Nesflaten nedlagt	Nei	<b>OK:</b> moderat kostnadsnivå, avgrensa innsparing	<b>Middels (~72 %):</b> noko betre utnytting, men mange små einingar står att	<b>Problembbygg står att:</b> krevjande bygg i sør vidareførte	<b>Sårbart:</b> fleire små fagmiljø og leiarar står att	<b>For liten effekt:</b> økonomisk og fagleg gevinst for avgrensa til å reknast som reelt
2b Jelsa + Marvik til Kjølvik	Nei	<b>OK:</b> moderat kostnadsnivå, men auka skyss og kapital	<b>Middels (~70 %):</b> noko betre, men framleis spreidd struktur	<b>Problembbygg står delvis att:</b> ikkje tilstrekkeleg reduksjon i krevjande bygg	<b>Betre, men sårbart:</b> noko større miljø, men samla struktur framleis sårbar	<b>For liten effekt:</b> gir ikkje stor nok strukturell gevinst til å vere reelt alternativ
3 Nesflaten til Vinjar, Jelsa + Marvik til Kjølvik	Ja	<b>God:</b> moderat kostnad, tydeleg reduksjon i FDV og kapital	<b>God (~76 %):</b> færre einingar, betre utnytting og robust struktur	<b>Betre byggportefølje:</b> fleire problembbygg fell bort, attverande kan oppgraderast forsvarleg	<b>Robust:</b> større fagmiljø, betre leiing og tilgang på støttetjenester	<b>Reelt og berekraftig:</b> god balanse mellom økonomi, kapasitet og kvalitet, men ikkje best samla
4 Tre oppvekstsenter + Sand 1–10	Ja	<b>Best balanse:</b> noko høgare kostnad enn 5, men god kost-nytte	<b>God (~76 %):</b> tydeleg strukturell gevinst, robuste einingar	<b>God og jamn standard:</b> problembbygg fell bort, oppgraderte og nye oppvekstsenter	<b>Mest robust:</b> sterke fagmiljø, oppvekstsenter styrker tidleg innsats og samanheng bhg-skule	<b>Best samla alternativ:</b> høg måloppnåing på berekraftmål 4 og 11, vurdert som mest balansert og framtidretta
5 Nesflaten til Vinjar (oppv.senter), Marvik til Sand, Jelsa til Stølane (oppv.senter)	Ja	<b>Økonomisk mest gunstig:</b> lågast årskostnad, låge FDVU-kostnader	<b>Svært god (~79 %):</b> høgast utnytting, tydeleg reduksjon i einingar	<b>Gode bygg med låge investeringar:</b> nybygg/ombygging avgrensa, men funksjonelt godt nivå	<b>Robuste fagmiljø:</b> større einingar, to oppvekstsenter, god rekrutteringskraft	<b>Reelt og økonomisk sterkt:</b> best økonomi og god kvalitet, men barnehagestrukturen i sør mindre løyst og noko lengre reiseveg for fleire
6 Ny skule i sør (Tysingvatnet), Nesflaten til Vinjar, Sand 1–10	Ja	<b>God, men dyrare enn 5:</b> høgare investering og skyss, låge FDV på sikt	<b>God (~73 %):</b> færre einingar, men noko lågare utnytting enn 3–5	<b>Svært gode bygg:</b> ny Tysingvatnet-skule med moderne standard, problembbygg i sør fell bort	<b>Svært robuste fagmiljø:</b> stor felles skule i sør, god kompetanse og leiingskapasitet	<b>Reelt, men mindre balansert:</b> sterk fagleg og bygningsmessig løysing, men større skyssbehov, meir usikker effekt på lokalmiljø og barnehage enn alt. 4–5

Tabellen syner samla vurdering av kva strukturalternativ som vert rekna som reelle og forsvarlege

# Minimumsstandardar for forsvarlege og lovlege alternativ: Bygg og fysisk miljø (her er reell dotte ut!?)

For at eit skulestrukturalternativ skal reknast som forsvarleg, må alle minimumskrava nedanfor vere oppfylte. Krava er absolutte og ikkje graderbare. Dersom eitt eller fleire krav ikkje kan dokumenterast oppfylte, skal alternativet takast ut av vidare vurdering. Alle bygg skal overordna vere godkjende etter forskrift om helseverngodkjenning.

## 1.Helse og miljø (bygg)

Skulebygga som inngår i alternativet skal samla sett vere helsemessig tilfredsstillande, og vere godkjende, eller kunne godkjennast, etter forskrift om helse og miljø i barnehagar, skular og SFO. Det skal ikkje liggje føre kjende, uavklarte avvik knytte til inneklima, fukt, mugg, støy, lys eller sanitære forhold. Eventuelle avvik frå faglege normer skal vere dokumenterbart kompenserte.

## 2.Trygt og godt skulemiljø

Alternativet skal gi elevane eit trygt og godt skulemiljø i tråd med opplæringslova § 12-2. Bygga skal gi forsvarlege rammer for undervisning, pausar og opphald, utan strukturelle forhold som skaper utryggleik, helseplager eller mistriksel. Skuleeigaren skal ha reell moglegheit til å oppfylle aktivitets- og handlingsplikta.

## 3.Universell utforming

Skulebygga skal vere universelt utforma slik at elevar med funksjonsnedsetjingar og særskilde behov kan delta i opplæringa på ein likeverdig måte. Bygga skal vere fysisk tilgjengelege, og løysingane skal gi rom for nødvendig skjerming og tilpassing. Alternativ som gjennom bygningsutforming systematisk ekskluderer elevar, er ikkje forsvarlege.

## 4.Tryggleik og beredskap

Bygga skal vere utforma og drifta slik at dei førebyggjer ulykker, vald, hærverk og andre alvorlege hendingar, gjennom oversiktlege løysingar, tilstrekkeleg vaksentilsyn og oppfylting av krav til beredskap, rømning og førstehjelp.

## 5.Drift, vedlikehald og internkontroll

Skuleeigaren skal kunne drive skulen i samsvar med krav til systematisk drift, vedlikehald og internkontroll over tid. Det skal liggje føre vedlikehaldsplan med realistisk finansiering og system for avviksoppfølging. Alternativ som er avhengige av mellombelse eller uavklarte løysingar for å vere lovlege, kan ikkje reknast som reelle strukturalternativ.

Berre alternativa 3–6 gir ein bygningsmasse som er forsvarleg og berekraftig.

Alt 0 fell bort grunna manglande kravoppfylting.

Alt 0+, 2a og 2b er mogleg, men krev store investeringar utan å løyse grunnproblema.

Strukturar med mange små bygg er vanskelege å halde ved lag, og kommunen har historisk ikkje klart dette.

Eit reelt alternativ må vere driftsmessig og økonomisk mogleg over tid. Alternativ som føreset noko kommunen ikkje har fått til, kan ikkje reknast som forsvarlege.

**Konklusjon: Berre alt. 3–6 oppfyller krava til reelle og forsvarlege alternativ.**

## Minimumsstandardar for forsvarlege og lovlege alternativ: Bygg og fysisk miljø

Alternativ	Lovleg og helsemessig forsvarleg bygningsmasse?	Universell utforming og tryggleik?	Drifts- og vedlikehaldsmessig berekraft?	Strukturell effekt	Reelt?
<b>0 Dagens struktur</b>	Nei. Fleire bygg har alvorlege avvik (inneklima, UU, funksjonalitet).	Nei. Uoversiktlege løysingar, manglande UU, mangelfull tryggleik.	Nei. Stort etterslep, ikkje realistisk å halde ved lag.	Ingen	Nei
<b>0+ Dagens struktur med oppgraderingar</b>	Ja. Kan oppgraderast, men krev store tiltak.	Krev store investeringar for å nå krav.	Nei. Svært høgt vedlikehaldsnivå over tid, lite realistisk.	Ingen	Nei
<b>2a Nedlegging av Nesflaten</b>	Ja. Teknisk mogleg å oppgradere alle bygg.	Krev store investeringar for å nå krav.	Nei. Omfattande og kostbare tiltak, låg berekraft.	Låg	Nei
<b>2b Samanslåing Jelsa + Marvik til Kjølvik</b>	Ja. Kan oppgraderast, men krev store tiltak.	Krev store investeringar for å nå krav.	Nei. Krev store investeringar utan strukturell gevinst.	Låg	Nei
<b>3 Nesflaten til Vinjar, Jelsa + Marvik til Kjølvik</b>	Ja. Dei svakaste bygga fell bort. Kan oppgraderast, men krev store tiltak.	Ja. Attverande bygg kan førast opp til god standard.	Ja. Meir berekraftig drift og mindre bygningsmasse.	Høg	Ja
<b>4 Tre oppvekstsenter + Sand 1–10</b>	Ja. Fjernar dei mest krevjande bygga. Kan oppgraderast, men krev store tiltak.	Ja. Attverande bygg kan førast opp til god standard.	Ja. Sterk reduksjon i bygningsmasse og betre drift. Låge framtidige driftskostnader. God samanheng med barnehagestruktur	Svært høg	Ja
<b>5 Marvik til Sand, Jelsa til Stølane, Nesflaten til Vinjar</b>	Ja. Fjernar dei mest krevjande bygga.	Ja. Attverande bygg kan førast opp til god standard.	Ja. Sterk reduksjon i bygningsmasse og betre drift. Låge framtidige driftskostnader. Noko knapp restkapasitet	Høg	Ja
<b>6 Ny skule ved Tysingvatnet</b>	Ja. Nytt bygg erstattar tre av dei svakaste. Kan oppgraderast, men krev store tiltak.	Ja. Attverande bygg kan førast opp til god standard.	Ja. Låge framtidige driftskostnader. Sterk reduksjon i bygningsmasse.	Høg	Ja

## Minimumsstandardar for forsvarlege alternativ: Skulestorleik, læringsmiljø og resultat

### Skulestorleik og læringsmiljø:

Vi nyttar Suldal kommune sitt vedtak om at ein ikkje skal ha udelte skular i kommunen, kombinert med føringar i privatskulelova som seier at minimumstalet på elevar i ein skule er 15 elevar: Minimumsgrensa på 15 elevar er lovfesta i privatskulelova § 2-2 fjerde ledd, og inneber at ein skule som ligg under dette elevtalet i tre år på rad mister godkjenninga. Føremålet er å sikre robuste læringsmiljø med reelle moglegheiter for samarbeid, sosial læring og pedagogisk kvalitet, slik det kjem fram av lovforarbeida (Ot.prp. nr. 37 (2006–2007)). I klagevedtaket for Fresvik Enspire Skule AS understrekar Kunnskapsdepartementet at unntaksheimelen er smal, praktiserast strengt og berre kan nyttast i særlege, normalt tidsavgrensa tilfelle, mellom anna fordi drift nær minstetalet er sårbar og kan setje elevane sine rettar i fare. Dei same omsyna ligg til grunn for Suldal kommune sitt vedtak om ikkje å ha udelte skular, med vekt på stabile læringsmiljø, kvalitet og forsvarleg drift over tid

### Skulestorleik og læringsresultat:

Temaet er grunnlag for debatt i skule-Noreg. På nasjonalt nivå vert det ved fleire høve vist til at det er vanskeleg å finne prov for samsvar mellom skulestorleik og kvalitet. Oversikt over resultat på nasjonale prøvar viser likevel ein konsekvent samvariasjon mellom skulestorleik og resultat på prøvane i lesing, skrivning og rekning på 5. trinn: Skular med små trinnstorleikar skårar svakare enn skular med mange elevar på trinnet.

Funna frå strukturutgreiinga viser at læringsresultata er høvesvis svake og varierende på dei minste skulane i kommunen.

### Vurdering

**Alternativa 0, 0+, 2a og b:** Nesflaten har færre enn 15 elevar, og prognosen viser lågt elevtal i framskrivingsperioden. Jelsa har 21 elevar i dag, men prognosen viser nedgang til under 15 elevar innan få år, sjølv korrigert for elevtalsauke ved moglege større industrietableringar i kommunen. Alternativa er ikkje reelle.

**Alternativa 3-6:** Alternativa gjev einingar med større og meir robuste elevmiljø, i tråd med kommunale føringar og grunngeving for minimumselevtal i Privatskulelova. Alternativa er reelle.

## Minimumsstandardar for forsvarlege alternativ: Skulestorleik, læringsmiljø og resultat

Alternativ	Robust læringsmiljø	Fagmiljø og kompetanse	Risiko for varierende læringsresultat	Reelt?
0	Nei	Nei	Høg	Nei
0+	Nei	Nei	Høg	Nei
2a	Låg	Låg	Moderat-høg	Nei
2b	Låg	Låg	Moderat-høg	Nei
3	Høg	God	Låg	Ja
4	Svært høg	Svært solid	Låg	Ja
5	Svært høg	God	Låg	Ja
6	Svært høg	God	Låg	Ja

Vurdert opp mot minimumskrava for skulestorleik, læringsmiljø, fagmiljø og berekraft, er det berre **alternativ 3, 4, 5 og 6** som gir ein struktur som er robust nok til å sikre kvalitet og likeverd over tid.

Alternativ 4 gir den mest balanserte løysinga for skule og barnehage.

# Minimumsstandardar for forsvarlege alternativ: Kompetanse og robuste fagmiljø 1

Eit alternativ er ikkje forsvarleg dersom det ikkje gir stabil og tilstrekkeleg kompetanse over tid. Strukturen må sikre at kommunen kan oppfylle kompetansekrav utan varig bruk av dispensasjon eller ufaglærte, i tråd med lokale føringar. Alternativ fell bort dersom dei ikkje gir realistiske vilkår for rekruttering og stabilitet.

Forsvarlegheit krev også robuste fagmiljø, ikkje berre nok bemanning. Einingar må ha storleik og organisering som gir rom for fagleg samarbeid, kvalitetsutvikling og handtering av fråvær og utskifting. Små, sårbare fagmiljø er vanskelege å forsvare.

Vidare må strukturen sikre eit fungerande lag rundt eleven, med reell tilgang til støttetjenester. Alternativ er ikkje forsvarlege dersom tenestene blir for spreidde til å arbeide systematisk.

Til sist må strukturen vere styrbar. Leinga må ha kapasitet til dagleg oppfølging og pedagogisk leing. Alternativ som gjer leing personavhengig eller underdimensjonert, fell under kravet til forsvarlegheit.



## Minimumsstandardar for forsvarlege alternativ: Kompetanse og robuste fagmiljø 2

### 1. Kompetanse

- Minst 80 % undervisningskompetanse, mål om 100 % tilsetjingskompetanse
- Avvik berre kortvarige (maks 1–2 år)

Ikkje forsvarleg dersom varig bruk av ufaglærte/dispensasjon

### 2. Profesjonsfellesskap

- Fagmiljø som toler fråvær og turnover
- Reell kapasitet til felles praksisutvikling og kvalitetsarbeid

Ikkje forsvarleg ved svært små, personavhengige kollegium

### 3. Laget rundt eleven

- Helsesjukepleiar og PPT med reelt tilgjenge
- Moglegheit for førebygging og systemarbeid (ikkje berre enkeltsaker)

Ikkje forsvarleg dersom støttetjenester blir for spreidde og lite tilgjengelege

### 4. Leiing

- Rektor/leiing er til stades i kvardagen
- Tilstrekkeleg kapasitet og robuste leiarteam

Ikkje forsvarleg ved éin-person-leiing

### Vurdering

**Alternativ 0 og 0+:** Små fagmiljø. Har over tid utfordringar med kompetanse og rekruttering på små einingar. Rektor åleine. Støttetjenestene lite til stades

Alternativa er ikkje reelle eller forsvarlege

**Alternativ 2b og 2c:** Framleis små fagmiljø. Ikkje i tråd med føringane i punkt 1-4.

Alternativa er ikkje reelle eller forsvarlege

**Alternativ 3-6:** Større og meir robuste einingar. Føresetnadar betra for fagmiljø med djupne og breidde, leiarteam og støttetjenester som er tett på barna

Alternativa er reelle og forsvarlege

## Minimumsstandardar for reelle og forsvarlege alternativ: Kompetanse og robuste fagmiljø 3

Tabellen oppsummerer vurderingane av reelle alternativ med tanke på kompetanse og robuste fagmiljø

Alternativ	Kompetansegrunnlag	Fagmiljø og leiing	Laget rundt eleven	Vurdering
0	Varig sårbar kompetanse, små einingar, høg risiko for dispensasjon/ufaglærte	Svært små kollegium, einsleg leiing, personavhengig drift	Lite nærvær frå støttetjenester, spreidd ressursbruk	Ikkje reelt eller forsvarleg
0+	Betre bygg, men same kompetanse- og rekrutteringsutfordringar	Små fagmiljø, einsleg leiing	Lite nærvær frå støttetjenester, spreidd ressursbruk	Ikkje reelt eller forsvarleg
2a/2b	Framleis små og sårbare einingar, avgrensa rekrutteringskraft	Fagmiljø under nedre grense for robustheit, lite leiartid	Støttetjenestene må dekke mange små einingar	Ikkje reelle eller forsvarlege
3	Betre føresetnader for stabil kompetanse og rekruttering	Større og meir robuste fagmiljø, moglegheit for leiarteam	Støttetjenestene kan organiserast tettare på elevane	Reelt og forsvarleg
4	Klart styrka kompetansegrunnlag og rekrutteringskraft, god samanheng med bhg-struktur	Svært robuste fagmiljø, gode vilkår for utviklingsarbeid, overgangar og leiing	God tilgjenge og systematisk førebygging, samla sett færrast einingar å følgje opp innan oppvekst	Reelt og forsvarleg
5	Gode føresetnader for stabil kompetanse og rekruttering	Robuste einingar	Effektiv organisering av støttetjenester, tett på elevane	Reelt og forsvarleg
6	Store og samla fagmiljø, særleg i sør, gode føresetnadar for rekruttering	Svært robuste fagmiljø og leiarteam, god rekrutteringskraft	Effektiv organisering av støttetjenester, tett på elevane	Reelt og forsvarleg

- Illustrasjonen viser at små og fragmenterte fagmiljø gir svakt kompetansegrunnlag, sårbar leiing og lite tilgjenge til støttetjenester, og fell dermed bort som reelle alternativ.
- Alternativa 0, 0+ og 2a/2b oppfyller ikkje krava til robuste fagmiljø og blir vurderte som ikkje forsvarlege.
- Alternativa 3–6 gir større og meir robuste miljø, betre organisering rundt elevane og oppfyller krava til reelle og forsvarlege alternativ.
- Særleg alternativ 4 peikar seg ut med sterkast kompetansegrunnlag og best samla forutsetningar.

## Minimumsstandardar for forsvarlege alternativ: Økonomi

Kommunen har for mykje bygningsmasse, stort vedlikehaldsetterslep og fallande elevtal, noko som gjer dagens struktur kostbar og lite berekraftig.

Alternativ 0 og 0+ fell bort fordi dei anten utset nødvendige investeringar eller gir låg effekt av store kostnader.

Alternativ 2a og 2b reduserer kostnader noko, men gir for liten strukturell gevinst og løyser ikkje dei grunnleggjande utfordringane.

Alternativ 3 og 4 gir varig reduksjon i bygningsmasse, betre kapasitetsutnytting og meir robuste fagmiljø.

Alternativ 5 gir moderne løysing og god drift i sør, men krev større investeringar og har høgare skysskostnader.

Samla sett gir alternativ 4 den beste balansen mellom økonomi, kvalitet og berekraft.

Alternativ	Kostnadsnivå	Effekt	Hovudutfordring	Samla vurdering
0 Dagens struktur	Lågt på kort sikt	Ingen reell effekt	Store framtidige investeringsbehov og høg risiko for akutte tiltak	Ikkje økonomisk berekraftig og ikkje reelt
0+ Oppgradert bygningsmasse	Svært høgt	Ingen strukturell effekt	Store investeringar utan reduksjon i tal bygg eller driftskostnader	Låg kost–nytte, ikkje reelt
2a Nedlegging av Nesflaten	Moderat	Avgrensa effekt	For liten reduksjon i bygg og vidareføring av sårbare einingar	For låg effekt av investeringane, ikkje reelt
2b Nedlegging Jelsa	Moderat	Avgrensa effekt	Fragmentert struktur og framleis låg kapasitetsutnytting	Svak kost–nytte, ikkje reelt
3 2a+ 2b	Moderat	Høg effekt	–	God balanse mellom investering og effekt, reelt
4 Tre oppvekstsenter	Moderat–høgt	Svært høg effekt	Noko auka skysskostnader	Best samla balanse mellom økonomi, kvalitet og berekraft, reelt
5 Omfordeling til eksisterande einingar	Lågt–moderat	Høg effekt	Lengre reiseveg for fleire elevar	Økonomisk mest gunstig, reelt
6 Ny skule ved Tysingvatnet	Moderat	Høg effekt	Høgare investeringar og større skyssbehov. Usikre effektar lokalmiljø	Reelt, men mindre balansert enn alternativ 4

# Minimumsstandardar for forsvarlege alternativ: Kapasitet

## Alt 0 og 0+

Vidarefører ein struktur med fleire skular med låg utnytting. Oppfyller i liten grad kravet til robuste og forsvarlege alternativ.

## Alt 2a og 2b

Gir noko betre utnytting, men beheld fleire strukturelle svakheiter. Framstår som overgangsalternativ, men ikkje fullt ut robuste.

## Alt 3

Bryt med dagens mønster og reduserer talet på svake einingar. Oppfyller minimumskrav til realisme.

## Alt 4

Gir ein jamn og balansert struktur med god kapasitetsutnytting. Framstår som eit robust og fagleg godt alternativ.

## Alt 5

Gir høgast samla utnytting og effektiv struktur. Samstundes relativt stram, med mindre buffer for variasjonar i kullstorleik.

## Alt 6

Gir ein meir balansert struktur enn Alt 5, med noko lågare utnytting, men betre robustheit over tid.

Alternativ	Samla utnytting	Skular < 60 %	Skular 80–90 %	Vurdering
Alt 0	Svært låg	Mange	Ingen	Ikkje forsvarleg
Alt 0+	Låg	Fleire	Få	Svak
Alt 2a	Moderat	Nokre	Få	Avgrensa realisme
Alt 2b	Moderat	Nokre	Nokre	Avgrensa realisme
Alt 3	Relativt god	Få	Fleire	Reelt
Alt 4	God	Få	Fleire	Godt og balansert
Alt 5	Høg	Svært få	Fleire	Effektivt, men stramt
Alt 6	Moderat–god	Få	Fleire	Balansert

## Minimumsstandardar for forsvarlege alternativ: reiseveg

1. Reisetid for dei yngste må liggje nær eller innanfor tilrådte normer over tid. Alternativ 4 kjem nærast desse rammene. Alternativ 5 og 6 krev avbøtande tiltak.
2. Auken i tal elevar som må gjennom vegar med høg skredfaktor må vere rimeleg og handterbar. Alternativ 4 reduserer samla eksponering. Alternativ 5 og 6 aukar risikoen utan tiltak.
3. Reiseveg må vurderast i samanheng med læringsmiljø og fagmiljø. Noko lengre reiseveg kan akseptast dersom gevinsten i kvalitet er stor.

Alternativ	Reiseveg	Tryggleik	Avbøtande tiltak	Vurdering
0 / 0+	Kortast reiseveg for flest	Mange farlege skulevegar lokalt	–	Middels
2a	Lengre reiseveg for Nesflaten	Auka eksponering for skredpunkt	Direkteskyss	Middels
2b	Jelsa får vesentleg lengre reiseveg	Båt trygg, men krev byte	Båt og tilførselsruter	Middels
3	Lengre reiseveg for Nesflaten og Jelsa	Betre tryggleik i sør	Båt for Jelsa	God
4	Lengre reiseveg for Nesflaten og Jelsa	Betre tryggleik i sør, færre gjennom skredpunkt	Båt for Jelsa (kostbart, men trygt)	Best samla
5	Lengst reiseveg for Ropeidhalvøya	Auka eksponering for skredpunkt	Båt eller direkteskyss	Låg–middels
6	Auka reiseveg for fleire	Betre for Ropeid, dårlegare for Erfjord	Direkteskyss	Låg–middels

# Minimumsstandardar for forsvarlege alternativ: Barns beste

Barnets beste er eit rettsleg krav i alle skulestrukturvedtak. Kommunen må dokumentere korleis alternativa påverkar tryggleik, læring, utvikling og kvardag, i tråd med Barnekonvensjonen, Grunnlova §104 og opplæringslova.

## Kva krev ei forsvarleg vurdering

- Systematisk barnrettstvurdering av konsekvensar for ulike grupper barn
- Reell medverknad frå elevar
- Balansert vurdering av omsyn; økonomi er eitt av fleire omsyn

## Forskningsgrunnlag

- Svært små skular gir større risiko for ustabile resultat, få jamaldringar og sårbarheit ved fråvær
- Små fagmiljø har større risiko for ufaglærte og personavhengig drift
- Reiseveg må vurderast konkret, men kan vegast opp av betre læringsmiljø og tryggare bygg

## Minimumsstandardar for barns beste

- Stabile og tilstrekkeleg store elevmiljø
- Robust fagmiljø og kvalifiserte lærarar
- Trygge, funksjonelle og lovlege bygg
- Reell tilgang til støttetjenester
- Forsvarleg reiseveg
- Dokumentert medverknad og etterprøvbar vurdering




Alternativ som ikkje sikrar læringsmiljø, kompetanse, bygg, reiseveg og berekraftig drift kan ikkje reknast som reelle.



# Barns beste-vurderingar i Suldal-prosjektet


Barnets beste er eit rettsleg krav i alle skulestrukturvedtak. Kommunen må dokumentere korleis alternativa påverkar tryggleik, læring, utvikling og kvardag, i tråd med Barnekonvensjonen, Grunnlova


## Kva krev ei forsvarleg vurdering


-  Systematisk barnerettsvurdering av konsekvensar for ulike grupper barn
-  Reell medverknad frå elevar
-  Balansert vurdering av omsyn; økonomi er eitt av fleire omsyn

## Forskningsgrunnlag



 Svært små skular gir større risiko for ustabile resultat, få jamaldringar og sårbarheit ved fråvær

 Små fagmiljø har større risiko for ufaglærte og personavhengig drift

 Reiseveg må vurderast konkret, men kan vegast opp av betre læringsmiljø og tryggare bygg

## Minimumsstandardar for barns beste

-  Stabile og tilstrekkeleg store elevmiljø
-  Robust fagmiljø og kvalifiserte lærarar
-  Trygge, funksjonelle og lovlege bygg
-  Reell tilgang til støttetjenester
-  Forsvarleg reiseveg
-  Dokumentert medverknad og etterprøvbar vurdering

Tilleggsutgreiinga sine minimumsstandardar samsvarar med gjeldande barnerettsleg og fagleg rammeverk. Alternativ som ikkje sikrar læringsmiljø, kompetanse, bygg, reiseveg og berekraftig drift kan ikkje reknast som reelle.

## Minimumsstandardar for forsvarlege alternativ: Barns beste

Alternativ	Elevmiljø	Fagmiljø	Støttesystem (PPT, skulehelse)	Reiseveg og tryggleik	Bygg og drift	Samla vurdering
<b>0 Dagens struktur</b>	Under minimum	Under minimum	Under minimum	Under minimum	Under minimum	Ikkje forsvarleg
<b>0+ Oppgradert struktur</b>	Under minimum	Under minimum	Under minimum	Under minimum	Minimum oppfylt	Ikkje forsvarleg
<b>2a Nesflaten til Vinjar</b>	Under minimum	Under minimum	Under minimum	Minimum oppfylt	Under minimum	Ikkje reelt
<b>2b Jelsa/Marvik til Kjølvik</b>	Under minimum	Under minimum	Under minimum	Minimum oppfylt (båt)	Under minimum	Ikkje reelt
<b>3 Nesflaten til Vinjar, Jelsa/Marvik til Kjølvik</b>	Minimum oppfylt	Minimum oppfylt	Minimum oppfylt	Minimum oppfylt	Minimum oppfylt	Reelt og forsvarleg
<b>4 Vinjar, Stølane, Kjølvik + Sand 1–10</b>	Over minimum	Over minimum	Over minimum	Minimum oppfylt	Minimum oppfylt	Best samla alternativ
<b>5 Vinjar, Stølane + Sand 1–10 (Marvik til Sand)</b>	Minimum oppfylt (med tiltak)	Minimum oppfylt	Minimum oppfylt	Minimum oppfylt (med tiltak)	Minimum oppfylt	Reelt med tiltak
<b>6 Vinjar, Sand 1–10 + Tysingvatnet</b>	Minimum oppfylt	Minimum oppfylt	Minimum oppfylt	Minimum oppfylt (med tiltak)	Minimum oppfylt	Reelt med tiltak

# Referansekommunar

## Balestrand – Vik - Kinn

Nedlegging av skular er konfliktfyllt, men vert vurdert som fagleg nødvendig for å sikre robuste elevmiljø og kvalitet i tilbodet

## Mandat referansekommunar

- ▶ Hente erfaringar knytt frå referansekommunar med liknande utfordringsbilete i struktursaker



## Kriterier for val av referansekommunar

- ▶ Tid frå nedlegging slik at ein har hausta erfaringar etter vedtaka
- ▶ Uro og tøffe kommunale diskusjonar i forkant av strukturendringane
- ▶ Kommunar med distriktsprofil og desentraliserte tilbod med høvesvis små skular på nedleggingstidspunktet
- ▶ Rasproblematikk
- ▶ Lang reiseveg – tilleggsreise frå nedlagd skule til ny skule

## Balestrand

- Fjordtun oppvekstsenter – siste skuleår 2023/24 med 7 elevar
- Overført til Sagatun skule
- Reiseavstand tilleggsreise frå skule til ny skule : 40 – 45 min – ei tilleggsreise som er samanliknbar med Nesflaten
- Særs rasutsette vegstrækningar – rashyppigheit som overstig Suldalnivå
- Til slutt var det foreldre sjølv som tok ut barna frå oppvekstsenteret – fordi elevmiljøet vart for lite ved Fjordtun

## Vik

- Valsvik skule – siste skuleår 2019/20 med 5 elevar
- Overført til Flatbygdi skule 1-10
- Reiseavstand tilleggsreise frå skule til ny skule: 40-45 min – ei tilleggsreise som er samanliknabar med Nesflaten
- Særs rasutsette vegstrækningar – rashyppigheit som overstig Suldalnivå
- Firda Seafood investerer no kr. 100 mill i nytt settefiskanlegg – etter at skulen er nedlagd

## Kinn

- Askrova skule – siste skuleår 2006
- Overført til Florø barneskole – skyss via båt og buss
- Reiseavstand tilleggsreise frå Askrova til Florø på over 60 min
- Øya har i ettertid av nedlegginga opplevd tilflytting, fleire born eg etablering av nye spanande maritime arbeidsplassar
- «Ingen» saknar skulen – stort elevmiljø i Florø er vurdert som positivt

# Samandrag referansekommunar

- ▶ **Balestrand (Sogndal)** Fjordtun og Nessane oppvekstsenter vart lagde ned etter langvarig elevtalsnedgang, sårbare fagmiljø og krevjande rekruttering. Fjordtun hadde berre 7 elevar siste året, og foreldre tok til slutt barna ut grunna for lite elevmiljø. Reisevegane er lange og rasutsette (40–45 min), men bygdene har ikkje hatt fråflytting etter nedlegging. Konklusjonen frå kommunen: Avgjerda var fagleg rett, særleg med tanke på sosialt miljø og barns beste, men prosessen skapte sterke kjensler og langvarige konflikhtar.
- ▶ **Vik kommune** Tre skular vart lagde ned i 2019/20 (Valsvik, Vangsnes, Fresvik). Hovudgrunngevingane var pedagogiske og organisatoriske: små og sårbare fagmiljø, rekrutteringsproblem og behov for å styrke Flatbygdi som felles 1–10-skule. Reisevegane er lange og svært rasutsette. Fresvik vart privatskule, men slit med å nå kravet om 15 elevar og driv på dispensasjon. Nedlegginga har ikkje påverka folketalet i bygdene i særleg grad. Kommunen peikar på at etterbruk av bygg må planleggjast betre. Konklusjon: Nedleggingane var nødvendige for kvalitet og drift, men avbøtande tiltak vart dyre og lite treffsikre.
- ▶ **Kinn kommune** Har lagt ned 15 skular over 20–25 år. Foreldre er ofte positive til større elevmiljø, men seier lite høgt grunna bygdepress; motstanden kjem oftast frå besteforeldregenerasjonen. Askrova skule vart lagt ned i 2006 – elevane har i dag over 60 min reiseveg med båt og buss. Øya har likevel hatt stabil folketalsutvikling og nye maritime arbeidsplassar. Kommunen vurderer at større fag- og elevmiljø har gitt betre kvalitet og trivsel. Konklusjon: Større skular har fungert godt for elevane, og nedleggingane har ikkje svekka lokalsamfunna slik ein frykta.

## Samla konklusjonar

- 1. Elevmiljø og kvalitet:** Alle tre kommunar peikar på at små skular til slutt vart fagleg uforsvarlege: for små elevgrupper, sårbare fagmiljø, rekrutteringsproblem og lite sosialt fellesskap. Større skular gav meir stabile læringsmiljø og betre kvalitet.
- 2. Reiseveg og risiko:** Reisevegane er lange og i fleire tilfelle meir rasutsette enn i Suldal. Kommunane handterer dette med rutinar for heimeskule ved stenging og tett dialog med vegmyndigheitene. Ingen av kommunane meiner reisevegane har vore avgjerande for kvaliteten i tilbodet.
- 3. Lokalsamfunn og folketal:** Ingen av kommunane finn samanheng mellom skulestruktur og folketalsutvikling. Nokre bygder har fått nye arbeidsplassar etter nedlegging. Privatskule som «mottiltak» har ikkje vist seg berekraftig.
- 4. Prosess og konflikt:** Alle kommunane rapporterer sterke kjensler og konflikt i prosessen, men i ettertid er det brei semje om at nedleggingane var fagleg riktige. Konflikten handlar om prosess, ikkje om kvaliteten i den nye skulestrukturen.
- 5. Overordna lærdom** Nedleggingar er krevjande, men vert vurdert som nødvendige for å sikre robuste fagmiljø, kvalitet og barns beste over tid. Kommunane angrar ikkje på vedtaka, men på at prosessane vart for lange, for konfliktfylte eller for lite planlagde.



Every day we improve everyday life